

BUDSJETT 2022

ØKONOMIPLAN 2023-2025

STRANDA KOMMUNE



HØYRING FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2022 OG ØKONOMIPLAN 2023 – 2025
FORMANNSKAPET 29. NOVEMBER 2021

Innhold

VISJON	3
OVERORDNA MÅL	3
1. ORGANISERING AV BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN.....	4
1.1 Oppbygging av budsjettetdokumentet.....	4
1.2 Budsjettprosessen.....	5
2. KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR.....	7
3. OPPVEKST	10
4. HELSE, PLEIE OG OMSORG.....	13
5. NÆRING, PLAN OG TEKNISKE TENESTER.....	16
6. STRANDA HAMNEVESEN KF	19
7. INTERKOMM.SELSKAP OG SAMARBEID.....	19
8. ØKONOMISKE FØRESETNADAR.....	20
9. BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT	25
9.1 Bevilgingsoversikt drift del A.....	25
9.2 Bevilgingsoversikt drift del B – fordeling netto rammer	28
9.2.1 BUDSJETT SENTRALADMINISTRASJONEN	30
9.2.2 BUDSJETT OPPVEKST/KULTUR.....	31
9.2.3 BUDSJETT HELSE, PLEIE OG OMSORG	32
9.2.4 Næring og kommunalteknikk	34
9.2.5 Lønnspott	35
9.2.6 Budsjett skatter og rammetilskot	35
9.2.7 Budsjett renter og avdrag.....	35
10. BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING	36
10.1 BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING – DEL A	36
10.2 BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING B - BUDSJETT PR. PROSJEKT.....	37
11. KOMMENTARAR FRÅ EININGANE.....	43
11.1.1 Rådmannskontoret.....	43
11.1.2 FAG	47
11.1.3 Økonomiavdelinga	48
11.1.4 Personalavdelinga	52
11.1.5 IKT	54
11.1.6 SERVICEKONTORET.....	57
11.2.1 RINGSTAD SKULE	60
11.2.2 SUNNYLVEN SKULE	64

11.2.3 GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE 2021.....	67
11.2.5 HELSTAD BARNEHAGE	70
11.2.6 STRANDA UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPLÆRING.....	73
11.2.7 RINGSTAD BARNEHAGE	77
11.2.8 SUNNYLVEN BARNEHAGE	80
11.2.9 PPT	84
11.3.1 STRANDA DISTRIKT.....	87
11.3.2 SUNNYLVEN DISTRIKT.....	90
11.3.3 GEIRANGER DISTRIKT.....	92
11.3.4 HABILITERING/ REHABILITERING.....	94
11.3.5 HELSETENESTA	99
11.3.6 SOSIALTENESTA.....	103
11.3.7 NAV	108
11.4.1 KULTUR/IDRETT	111
11.5.1 PLAN, MILJØ, NÆRING.....	116
11.5.2 KOMMUNALTEKNIKK/BRANNVERN	119
11.5.3 VAKTMESTERTENESTE	123
Vedlegg: Oversikt over mottatte søknadar om tilskot 2022	125
Vedlegg: Dokumentasjon av frie inntekter 2021 og 2022 (Grønt hefte 2022).	125
Dokumentasjon av utgiftsutjevningen 2022 og endring 2021-2022.....	127
Dokumentasjon av utgiftsutjevningen 2022 (og endring 2021-22) fordelt på sektorområder....	128
Vedlegg: Tiltaksliste	128

VISJON

- Stranda kommune skal vere eit samfunn der utvikling og trivsel står i sentrum, og gjer kommunen trygg og god å bu og leve i for alle aldersgrupper.

OVERORDNA MÅL

- Leggje til rette for ei berekraftig utvikling av lokalsamfunnet der målet skal vere å ta vare på og styrke busetnaden og folketalet i heile kommunen.
- Ha ein målretta infrastruktur som sikrar innbyggjarane sine behov for arbeid, bustad, tryggleik, kultur og miljø, å syte for gode tenestetilbod innan for helse, omsorg, oppvekst og utdanning.
- Ha ein organisasjon som er open og publikumsvennleg, der det vert lagt vekt på effektivitet, kvalitet, samarbeid og informasjon, og der innbyggjarane sine behov står i sentrum.
- Føre ei kontinuerleg og samordna planlegging som sikrar kostnadseffektiv drift av kommunen, og som varetak måla der resultatet er målbart.

1. ORGANISERING AV BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Kommunen har sjølv ansvaret for god økonomistyring. God økonomistyring gjev handlingsrom til å realisere ambisjonar, og er sjølve grunnmuren i effektiv ressursforvaltning. For å kunne utøve god økonomistyring må vi stille oss spørsmål som: kor mykje vi skal produsere, kven skal vi tilby tenester til, kva skal vi tilby og kven skal betale for tenestene?

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna og viktigaste styringsverktøy. Ein samla kommuneplan omfattar ein samfunnsdel med ein handlingsplan og ein arealdel. Handlingsdelen gir grunnlag for kommunen sine prioriteringar av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver. Kommuneplanen sin handlingsdel skal konkretisere ulik tiltak innanfor kommunen sine økonomiske rammer gitt i budsjett og økonomiplan. Målet med økonomistyring er å utnytte ressursane slik at kommunen sine langsigte mål vert nådd. Økonomiplanlegging er eit verktøy for implementering av politiske prioriteringar og fordeling av økonomiske ressursar innanfor tilgjengelege økonomiske rammer. Økonomiplanen er såleis eit viktig strategi- og styringsdokument for kommunen.

Kommunen skal vedta ein økonomiplan som omfattar dei fire neste budsjettåra, og økonomiplanen vert rullert årleg. Dette inneber at økonomiplanen skal oppdaterast og byggje på endringar i alle typar rammevilkår, nye politiske prioriteringar og andre premissar som har økonomiske konsekvensar for Stranda kommune i den komande fireårsperioden.

Kommunestyret vedtek inntektsrammene og fordelinga av dei frie inntektene på einingsnivå. Det er ikkje høve til å delegera verken til rådmannen eller eit utval å gjere endringar i budsjettet som utvidar totalramma for budsjettet.

1.1 Oppbygging av budsjettdokumentet

Årsbudsjettet er ein bindande plan for korleis ein skal nytte kommunen sine disponible midlar, og skal omfatte heile den kommunale verksemda. Budsjettet er basert på dei inntekter og utgifter det er realistisk å forvente. Budsjettet skal vere i balanse, det vil seie at alle postar er finansiert og alle midlar er disponert. Budsjettet er delt inn i drift og investering.

Økonomiplanen skal ta utgangspunkt i måla frå kommuneplanen sin handlingsdel og skal seie noko om kva tiltak som skal iverksetjast dei neste budsjettåra for å nå desse måla. Planen skal vere realistisk, omfatte heile den kommunale verksemda og gi ei god oversikt over inntekter, utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Økonomiplanen skal setjast opp i økonomisk balanse for kvart av åra i planperioden.

Budsjettdokumentet er bygd opp i seks delar:

- Tekstdel.** Kort omtale av status og utfordringar for dei ulike sektorane, omtale av kommunen som arbeidsgjevar og ein noko meir fyldig utdjuping av kommunen sin økonomiske situasjon sett i lys av rammevilkåra for budsjett 2022 og økonomiplanen 2022-2025.

- 2. Bevilgingsoversikt drift del A** – gir ei samla oppstilling av driftsbudsjettet:
 - frie disponible inntekter
 - finansinntekter og finansutgifter
 - avsetnadar til og bruk av fond
 - fordeling til drift
- 3. Bevilgingsoversikt drift del B** – viser nettoløyving per eining
- 4. Bevilgingsoversikt investering del A** – viser summen av investeringane og korleis dei er finansiert.
- 5. Bevilgingsoversikt investering del B** – viser dei ulike prosjekta kommunen investerer i.
- 6. Einingsoversikt.** Beskriving av dei ulike einingane, bemanning og ressursbruk. Premisser for budsjettet, utfordringar og mål for dei ulike einingane.

Betalingssatsar/gebyr er ein del av inntektsgrunnlaget og vert vedteke av kommunestyret i november/desember kvart år som eiga sak. Ein gjer merksam på at ei kvar endring av rådmannen sitt framlegg til betalingssatsar og gebyr vil ha direkte innverknad på budsjettbalansen. Det må difor finnast inndeckning for eventuelle vedtak om reduksjon av gebyr og betalingssatsar ved budsjettvedtaket.

1.2 Budsjettprosessen

Hausten 2015 vedtok FN sine medlemsland 17 mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Berekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng. Vår utfordring er korleis vi kan implementere berekraftmåla i vårt arbeid på alle nivå i kommunen. God økonomiplanlegging og styring fordrar at vi på sikt må evne å planlegge og utvikle våre tenester i tråd med desse måla med tanke på transportløysingar, energibruk, bruk av areal og avfallshandtering.

Kommunen skal kvart år lage ein plan for pengebruken dei neste fire åra, der hovudkravet er at kommunen har kontroll med kostnadane i heile økonomiplanperioden. Rådmannen legg opp til eit stramt budsjett med prioritering av kommunen sine kjerneoppgåver som helse, omsorg, oppvekst og kultur og planarbeid. **Det overordna målet for kommunen er å etablere ein sunn økonomi som skal sikre innbyggjarane eit godt og mangfaldig tenestetilbod, ikkje berre i 2022, men også i framtida.**

Stranda kommune leverer gode tenester med god kvalitet. Dette syner mellom anna brukarundersøkingar som har vore gjennomført innan skule, barnehage og pleie og omsorg. Oppfølging av eventuelle funn er viktig for leiarane med tanke på å setje i gong konkrete forbetringstiltak.

Stranda kommune har dei siste åra hatt god styring og kontroll med økonomien. Etablering av gode og strukturerte rutinar for oppfølging av einingsleiarane og krav til rapportering har synt seg å ha god effekt, og dette er framleis ei prioritert oppgåve frå rådmannen si side.

Budsjettprosessen er lagt opp som eit teamarbeid med involvering på alle nivå. Sjølvé budsjettarbeidet starta med møte i leiarforum i slutten av august der føresetnadane for komande budsjett og arbeidet med dette vert presentert og diskutert. Einingsleiarane utarbeider i løpet av september sitt eige framlegg til budsjett ved hjelp av budsjettverktøyet «Arena». I løpet av september og første halvdel av oktober vart det halde separate budsjettmøter med kvar eining, der einingsleiar saman med økonomisjef, personalsjef og den respektive kommunalsjef gjekk gjennom budsjettframlegget og justerte desse. Dette for å kvalitetssikre at «kart og terreng» heng saman. Strategisk leiargruppe samanstilte dei einskilde budsjetta og salderer desse innanfor ramma av tilgjengelege frie inntekter for budsjettåret. Salderinga i 2022 er utfordrande. Så langt er det ikkje lagt inn bruk av disposisjonsfond.

Parallelt vart det køyrd prosess der leiargruppa utarbeidde framlegg til investeringsbudsjett for 2022 og resten av planperioden basert på innspel frå einingane.

2. KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR

KS definerar arbeidsgjevarpolitikk som dei handlingar, haldningar og verdiar som arbeidsgjevar står for og praktiserer overfor medarbeidarane kvar dag.

Arbeidsgjevarpolitikk handlar mellom anna om å utvikle relasjonen mellom leiar og medarbeidar.

1. Stranda kommune skal framstå som ein attraktiv arbeidsgjevar både internt og eksternt.

2. Vi ynskjer å stadig utvikle verksemda med mål om å vere ein attraktiv arbeidsplass med eit mangfaldig og inkluderande miljø.

2.1 Inkluderande arbeidsliv (IA)

Stranda kommune har vore IA- bedrift sidan september 2003. IA- avtalen har vore eit viktig verktøy både for å få sett sjukefråværsarbeidet i system, men også for forståinga av kor viktig dette arbeidet er. I desember 2018 inngjekk partane i arbeidslivet ny Intensjonsavtale om «*et mer inkluderende arbeidsliv (IA-avtale) for perioden 1. januar 2019 – 31. desember 2022*». Avtalen har to nasjonale mål:

- Sjukefråvær: Sjukefråværsprosenten skal reduserast med 10 prosent samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018.

- Fråfall: Fråfall frå arbeidslivet skal reduserast.

Med bakgrunn i nasjonal IA- Avtale har Stranda kommune utarbeidd eigne mål for arbeidet:

1. Stranda kommune vil arbeide for at det totale sjukefråværet ikkje skal overstige 6 %.
2. Stranda kommune vil ha auka fokus på dei langtidssjukmelde og arbeide for å få dei tilbake i arbeid.
3. Stranda kommune vil arbeide aktivt for å legge til rette slik at arbeidstakar skal kunne stå lengst mogleg i arbeid.

Måla har vore gjeldande sidan 2015 og skal reviderast i henhold til ny intensjonsavtale frå 1.1.2023.

Bedriftshelseteneste

Stranda kommune kjøper bedriftshelseteneste frå Avonova. For 2022 er det avsett midlar til dette føremålet på kr. 345.000,-. Mesteparten av desse timane går til oppgåver som er lovpålagde t.d. røykdykkartest, helsekontrollar for nattevakter, brannmenn samt andre tilsette innanfor kommunalteknikk og vaktmestertenesta, diverse vaksiner, hørselstest for barnehagetilsette, førstehjelpskurs, deltaking i kommunen sitt arbeidsmiljøutval m.m. I tillegg gjennomfører Avonova ulike oppdrag på bestilling frå einingane (etter innmeldte behov) og deltek i oppfølgingsarbeid knytt til sjukemeldte.

2.2 Sjukefråvær

Sjukefråværet (eigmeldt og sjukemeldt) i Stranda kommune frå 1. januar til og med 30. oktober

2021 var på 10,5%. For 2020 var sjukefråværet på 8,7%. Einingsleiarane lagar kvart år ei framstilling av eige sjukefråvær der ein forklarar både kortids og langtidsfråvær i si eining. Denne saka vert handsama av arbeidsmiljøutvalet i januar/ februar. I mars 2020 vart landet stengt ned som følgje av koronapandemien. Dette førte til stor omvelting av arbeidskvarden til mange tilsette og den varte over tid. I tillegg melder einingsleiarane at 2020 var eit spesielt år med fleire nye langtidssjukmeldingar som strekkjer seg inn i 2021 året. Både i 2020 og 2021 har terskelen for å halde seg heime ved influensasymptom vore låg, noko som har ført til at kortidsfråværet har auka. Dette i kombinasjon med mangel på vikarar har ført til auka press på faste tilsette og auka bruk av overtid. Spesielt godt ser ein dette i helse og omsorg der ein skal dekke opp heile døgnet med kompetanse for å sikre forsvarlege tenester.

Sjukefråværet har vore i fokus i heile 2021. Å arbeide systematisk for å få ned sjukefråværet er viktig og nødvendig. AMU og rådmannen sitt overordna kvalitetsutval har peika på helse og omsorg som det området ein må satse særskilt på i tida framover. Både bedriftshelsetenesta, NAV arbeidslivssenter og NAV lokalt er kopla på og involvert i sjukefråværsarbeidet som skjer i dei respektive einingane. Arbeidsmiljøet handlar om dei tilsette og arbeidet. Kulturen og utfordringane er ulik frå eining til eining. Det har difor vore viktig for AMU og kvalitetsutvalet at ein tek utgangspunkt i kva den enkelte eining har behov for. Kvalitetsgruppene i einingane ein har valt å sjå spesielt på, er i samarbeid med bedriftshelsetenesta og NAV arbeidslivssenter, i ferd med å kartlegge risikofaktorar i eininga samt vurdere kva faktorar ein kan påverke og gjere noko med. Dette kjem i tillegg til det løpende sjukefråværsarbeidet som skjer i alle einingar, som å følgje opp den enkelte sjukmeldte med møter/ samtalar, utarbeiding av oppfølgingsplanar og tilretteleggingstiltak m.m.

Arbeidsmiljøutvalet vil også i 2022 ha sjukefråvær oppe som fast sak i alle møter, samstundes har kommunaleiinga eit kontinuerleg fokus på dette. Arbeidsmiljø, trivsel, opplevd kontroll på arbeidsoppgåvene, tillit til leder og gode rutinar/prosedyrar med meir, har mykje å bety for sjukefråværet. Det er viktig å stadig minne kvarandre på at vi har eit felles ansvar for arbeidsmiljøet og trivselen på arbeidsplassen vår.

Det å redusere sjukefråværet er utfordrande og tidkrevjande, men med systematisk arbeid og kontinuerleg fokus på dette har vi tru på at skal klare å snu den trenden vi no ser.

2.3 HMT-arbeid

HMT-arbeidet i 2022 skal ha fokus på følgjande:

- Avvik og avvikshandtering. Er einingane gode nok på å melde avvik, korleis handtera ein gjentakande avvik/ er det systemsvikt?
- Overordna risikovurdering i einingar som ikkje har gjennomført dette.
- Halde fram med arbeidet knytt til helsekontrollar og utføre dette på tilsette som er eksponert for: Farlege kjemikaliar, asbestos, biologiske faktorar, støy eller mekaniske vibrasjonar, ioniserande og/eller kunstig optisk stråling, arbeid under vann eller med auka omgivande trykk, gass, støv eller anna helseskadeleg forhold ved bergarbeid.
- Det skal gjennomførast ny medarbeidarkartlegging i heile organisasjonen.
- Dei oppdaterte AKAN-retningslinene må gjerast kjent i organisasjonen.

- Fortsette arbeidet med overordna risikovurderingar i dei einingane der dette ikkje er gjort eller fullført.
- Arbeidet systematisk med sjukefråværet, spesifikt i helse- og omsorg sektoren

Seniorpolitikk

Seniortiltaka i Stranda kommune vert vidareført i 2022 og gjeld for tilsette som har vore tilsett i Stranda kommune i minst 5 år og som ikkje tek ut heil eller delvis AFP. Ein kan velje mellom eit lønstillegg eller ekstrafridagar.

2.4 Rekruttering og kompetanse

Å sikre tilstrekkeleg arbeidskraft med rett kompetanse er avgjerande for å løyse oppgåver og utfordringar tilfredsstillande i åra framover. I tida vi går inn med stramme rammer og mange utfordringar vert det særskilt viktig å bruke ressursane og kompetansen ein har til rådighet på best mogleg måte. Rekrutteringsutfordringane i 2021 er hovudsakleg knytt til rekruttering av stillingar med krav om høgskulekompetanse innanfor helse og omsorg (sjukepleiar og vernepleiar). Spesielt utfordrande har det vore å få rekruttert høgskulekompetanse til stillingar på natt .

Vi har lykkast med å få tilsett ergoterapeut i kommunen. To fastleggar som slutta i 2020 er erstatta samt at det er oppretta ei ny fastlekestilling som vi også har lukkast å få tilsett i. Ei heller i løpet av 2021 har vi lukkast med å rekruttere psykolog. Det er gjort forsøk med å lyse ut etter psykolog i fellesskap med Fjord kommune. Dette for å synleggjere at det kan vere mogleg å etablere eit nettverk på tvers av kommunane, men dette har heller ikkje ført til fleire søkerar. Geiranger er utfordrande innanfor alle tenesteområde der det er krav om høgskulekompetanse.

Stranda kommune vil vere avhengig av godt kvalifiserte medarbeidarar i framtida, og fleire medarbeidarar vektlegg moglegheita til kompetanseutvikling høgt. Ei viktig oppgåve er å stadig styrke kompetansen blant våre tilsette. Dette er eit viktig tiltak for å rekruttere og behalde arbeidstakrarar. I tillegg er godt leiarskap, eit trygt arbeidsmiljø og gode tenester viktige faktorar. Det skjer mykje god kompetanseheving innanfor alle tenesteområda i organisasjonen. Kompetansehevinga er finansiert delvis gjennom statlege og fylkeskommunale tilskot, bruk av fond og noko midlar frå drift. Midlar til kurs og opplæring er sett til eit minimum i budsjettet for 2022. Dette betyr at ein må vere enda meir bevisst på å søkje etter kompetansemidlar der dette er mogleg.

Avtalen med Norsk Helseinformatikk (NHI) om ulike e-læringskurs tilpassa kompetanse- og ansvarsområde til dei ulike yrkesgruppene i pleie og omsorg og habilitering/ rehabilitering, er vidareført i budsjett 2022. Tilbakemeldingane seier at dette er mykje brukt blant tilsette i helse og omsorg.

Det er ikkje funne rom for å sette av midlar til rekrutteringstiltak i budsjettet for 2022.

3. OPPVEKST

I det samla rammetilskotet for 2022(Grønt hefte 2022) blir det som tidlegare år, gjort korrigeringar på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivå, regelendringar, nye oppgåver, innlemming av øyremerka tilskot o.a.

Tidlegare øyremerka tilskot er lagt inn i ramma frå 2020. Det gjeld for tidleg innsats i skulen, auka lærtettleik og tilskot til leirskule. Frå 2021 er også tilskot til pedagognorm og bemanningsnorm i barnehagane lagt inn i ramma.

Nye tiltak frå 2022 er:

- redusert makspris barnehage
- inntekstsgradert foreldrebetaling utvida til å omfatte 1. – 4. trinn (heilårsverknad)

ABSOLUTT

Stranda kommune er med i utviklingsprogrammet ABSOLUTT. Utviklingsprogrammet skal bidra til å gi kommunen og politikarane auka forståing og kunnskap om ansvaret for barnehage, skule og oppvekst. Det skal også gi innsikt i kva som vikar inn på barn og unge si læring, utvikling , trivsel og tilhørighet.

3.1. Fag 1022

Omfattar i hovudsak skuleskyss, spesialpedagogisk hjelp til barn i førskulealder, barnehageplass i andre kommunar, kjøp av skuleplassar i Fjord kommune, grunnskuleopplæring for fosterbarn plassert i utanfor kommune, lønn til lærlingar og finansiering av private barnehagar.

3.2. Grunnskule

Opplæringslova sine krav til tenesta:

Gruppestørrelse – maksimalt 20 elevar pr årsverk lærer i ordinær undervisings på trinn 5 -10 og 15 elevar på trinn 1 -4.

Deling av klasser i praktiske fag

Ikkje større klasser enn 28 på barnetrinnet og 30 på ungdomstrinnet.

Fådeltskular - Maksimalt 24 elevar med to trinn i ei klasse.

Romma kan avgrense klaskestørrelse, minimum 2 kvadratmeter pr elev.

Budsjett 2022 er ein realnedgang frå 2021. Stranda ungdomsskule, Ringstad skule og Sunnylven skule må redusere stillingar. (sjå einingsark)

Fokus og utviklingsområder i grunnskulane:

Fokus på skulemiljø og grunnleggande ferdigheter i skulane gir elevane god trivsel og gode grunnleggande ferdigheter.

Krav til kompetanse i Lov om Grunnskular. Dette skal fullførast innan 2025 og gir Stranda store utfordringar mtp kompetanseheving i faga norsk, matematikk og engelsk for å fylle

kompetansekrava. Målet er å ha 4-5 lærarar i vidareutdanning innan relevant fagområde. (matematikk, norsk, engelsk) kvart år dei neste åra.

Alle faga i grunnskolen og dei gjennomgåande faga i vidaregåande opplæring er fornva.



Målet er å styrke utviklinga av djupnelæringer og forståinga til elevane. Verdigrunnlaget skal bli løfta fram i læreplanane, og elevane skal mellom anna arbeide tverrfagleg med demokrati og medborgarskap, bærekraftig utvikling, folkehelse og livsmeistring.

Læreplanane skal fornyast ved å gjere dei meir relevante for framtida. Faga skal få meir relevant innhald, tydelege prioriteringar og samanhengen mellom faga skal bli betre.

Komplekse elevsaker utfordrar skulane og støttetenestene rundt eleven.

Oppvekstreformen (barnevernsreformen) og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er reformer som skal bidra til at laget rundt barnet har meir kompetanse og den statlege støtta vi har hatt til no fell meir bort. Konsekvensane av dette samstundes som at ein tek ned talet på stillingar er vi usikre på.

3.3. SFO for barn med særlege behov

Tilbodet er i si heilheit lagt til Ringstad skule SFO.

3.4. Barnehage

Talet på barnehageplassar aukar i Sunnylven og Geiranger i 2022.

Tre innførte endringar gir i kombinasjon ei utfordring for barnehagane og er forklaringa på auke i budsjett frå 2020 og fram til 2022

3. Nye tellereglar for 3 åringar er vedtatt frå august 2018. Det gjer at ein ikkje lenger kan ha eit justeringsopptak i desember. Dette gir mangel på barnehageplassar spesielt første halvår sidan barn vert fødd heile året og foreldre ønskjer barnehageplass til sine barn utanom hovudopptak som legg føringar for kva bemanning barnehagen skal ha.
4. Ny pedagognorm der pedagogar maksimalt kan ha ansvar for 7 barn under 3 år eller 14 barn over tre år. Det 8 eller 15 barnet utløyser behov for ei ny heil pedagogstilling. Det kan ikkje reknast etter forholdstal.

5. Bemanningsnorm med maksimalt 3 barn under 3 år eller 6 barn over 3 år per.

Innføring av gratis kjernetid, redusert foreldrebetaling og nye telleregler gir økonomiske utslag. Inntektene til barnehagane går ned. Kommunen skal også dekke kostnadane for dei private barnehagane. Ordninga vert brukt stadig meir og utgjer etter kvart ein sterkt aukande kostnad kommunen.

Barnehagene oppfyller pedagognorm og bemanningsnorm med det tal på plassar dei pr i dag driftar. Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar ligg til kommunen. Dette er regulert av «forskrift om likeverdig behandling av ikkje-kommunale barnehagar».

I budsjettet er det føresett at det ikkje vert auke i spesialpedagogiske tilrådingar i barnehagane i 2022.

3.5. PPT

Det er ikkje funne rom for å auke opp stillingar på PPT. Ungdomslosen er finansiert med tilskot førte 8 månadane i 2022. Dei siste 4 månadane har ein lagt inn kommunal finansiering slik ein kan behalde ungdomslosen i heile 2022. Losen er eitt av svært få tiltak kommunan har til oppfølging av ungdom utanfor skuletid.

Sekretær PPT er tatt bort og oppgåvane flytta til servicekontoret.

3.6. Lærlingar

Det er lagt inn midlar til 5 lærlingar for 2022. Pr dato har Stranda kommune 3 lærlingar i barne og ungdomsarbeiderfaget, 1 lærling på IKT og 1 lærling i helsefagarbeiderfaget. 2 av desse er

4. HELSE, PLEIE OG OMSORG

4.1. Status

Kommunen har ansvaret for tenestetilbodet til alle menneske med behov for helse- og omsorgstenester. Dette er heimla i helse- og omsorgstenestelova og i helsepersonellova. Brukarane sine rettar følgjer av pasient – og brukarrettighetsloven.

Viser til vedlagt rapportar frå einingsleiarane med detaljert skildring av einingane.

Leiarar og tilsette i helse og omsorg har tidlegare saman med konsulentfirmaet RO (ressurs og omstilling i kommunal sektor) gjennomført kartleggingar og analyser av tenestetilbodet i kommunen. RO-rapporten peikar på fleire utfordringar i framtida med bakgrunn i noverande praksis. Rapporten danna grunnlaget for vidare arbeid, for korleis ein skal dimensjonere tenestene i framtida.

Konsulentfirmaet RO-rådgiving hjelpe kommune med ei naudsynt omstilling innan helse og omsorg, for å kunne møte utfordringane som ein står ovanfor i framtida. Dette må sjåast i lys av nasjonale føringar og det økonomiske handlingsrommet kommunen har. Auka krav til kvalitet og omfang av tenester samsvarar ikkje alltid med trонge budsjetttrammer.

I samband med framlagt statsbudsjett vil kommunen få auka kostnader til ordninga om ressurskrevjande tenester. Innslagspunktet har auka med kr 90 000, til kr 1 520 000,-. For vår kommune som har fleire brukarar, vil dette medføre ein auke i kostnadane knytt til ressurskrevjande teneste.

Eit anna viktig satsingsområde er innovasjon og digitalisering, det er omtala i perspektivmeldinga 2021. Digitalisering og e-helse står overfor store utfordringar i åra framover. Betre digital samhandling i helsetenestene er heilt nødvendig for å sikre pasientane samanhengande tenester av god kvalitet, men også for å utnytte ressursar i ei samla helseteneste betre enn i dag. I prosjektet «en innbygger – en journal» er kommunen med i samhandlingsgruppa knytt til Helseplattforma, der ein skal innføre felles elektronisk pasientjournal for heile helsetenesta i Midt- Norge. Målet er ei meir samanhengande helseteneste for pasientar og tilsette i heile regionen.

Koronapandemien har utfordra dei kommunale helse- og omsorgstenestene på ulike måtar og i ulik grad. Alle einingane har hatt behov for auka smittevernkompetanse, som inkludera testing, isolering, smittesporing og bruk av karantene. Arbeidet med TISK og vaksinering er både kompetanse- og ressursskrevande for helse og omsorgstenestene. Samtidig har det vore utfordrande å halda mest mogleg normal drift i dei vanlege tenestene. Koronasituasjonen er og vil i ei tid framover vere ressursskrevande for helse og omsorgstenestene i kommunen.

4.2. Utfordringar i einingane innanfor pleie og omsorg i og utanfor institusjon

Helse og omsorgstenestene står overfor store oppgåver framover med bakgrunn i endringar i befolkningssamsetjinga. Dette saman med endringar i behov, auka levealder, betre behandling av alvorleg sjukdom og kortare liggetid i sjukehus har bidrige til at brukarane både i institusjon og heimeteneste trenge meir behandling og hjelp enn før. Behovet for korttidsplassar aukar. God tilgang

på korttidsplassar er viktig for å kunne arbeide med førebyggande tiltak. Ei dreiling av tenestene i form av fleire korttidsplassar og auka kapasitet i heimetenestene, vil føre til reduksjon av langtidsplassar og at fleire kan få tenester i institusjon i kortare periodar. Det vil også gjere det mogeleg at fleire brukarar kan bo lengst mogeleg heime. Det må i framtida satsast meir på førebyggande og helsefremmande tiltak slik at flest mogleg kan meistre eigen kvar dag lengst mogleg ved bruk av velferdsteknologi. Samarbeid og samhandling på tvers av fagområda (innsatsteam) krev utarbeiding av gode rutinar og prosedyrar som sikrar heilskaplege tenesteyting på rett nivå til rett tid.

Velferdsteknologi må framover nyttast i større grad enn vi nyttar i dag. Stranda kommune er opp mot velferdsteknologiske løysingar knytt til MISU som er eit samarbeid mellom fleire kommunar i midtre- og indre Sunnmøre. Institusjonane og heildøgns bustader får/har tilgang på trådlaust nett i alle bygdelaga, for å kunne nyttetegjere seg løysingane i framtida.

Utfordringane som fleire einingsleiarane peikar på er knytt til høgt sjukefråvær, vakansar i helg og rekruttering av fagfolk til ledige vakter i turnusen. Dette skaper utfordringar med rett og nok fagpersonell for å sikre god nok kvalitet på tenestene.

Det er også ei utfording korleis ein har organisert tenesta innanfor heimeteneste til yngre brukara med nedsett funksjonsevne (HTF). Det er i gang eit arbeid med å sjå på korleis utmålinga av vedtak til brukarane blir praktisert, i forhold til tildelte ressursar. Dette er ei teneste som i dag har fleire brukarar som krev mange årsverk. Vi nyttar vikarbyrå i denne tenesta.

4.3. Utfordringar innan psykisk helse og rus

Tenesta opplever ein auke i tal brukarar med behov for bistand frå sosialtenesta, helsetenesta og helsestasjonen. Vi har per i dag ikkje gode nok koordinerte og heilskapleg terapeutiske tenestetilbod til denne målgruppa. Gruppa – betre tverrfagleg innsats (BTI) har som mål å sikre at barn og unge får rett hjelp til rett tid.

Kommunen skal ha eit lavterskel tilbod innanfor psykisk helse til barn og unge, dette blir tatt i vare av helsejukepleiarane. Det er tildelt midla og lagt inn ei prosjekt stilling på helsestasjonen for å kunne yte eit tilbod til brukarane av tenest

Stranda kommune har fått tilskot til psykolog, men har ikkje lykkast i å få tilsett nokon sjølv om stillinga har vore utlyst fleire gongar også i samarbeid med Fjord kommune. Vi vonar å få denne på plass snarast råd. Kravet til psykolog var gjeldande frå 01.01.2020.

4.4 Utfordringar innan tenesteyting til menneske med nedsett funksjonsevne.

Vi opplever at det blir eit stadig større behov for bustadar som er tilrettelagt for funksjonshemma.

Avlastningstilbod til familiar med særleg tyngande omsorgsbehov starta hausten 2019 i Fjordgården, men har no flytta inn i avlastningsbustaden på Langlobøen. Dette var tenkt som eit samarbeid med

skulefritidsordninga for å kunne få eit koordinert og samla tenestetilbod, som igjen gjer det mogleg å få til større stillingar. Ein har evaluert ordninga i 2021 og kome fram til at samarbeidsmodell med skulefritidsordninga ikkje skal vidareførast i 2022.

5. NÆRING, PLAN OG TEKNISKE TENESTER

5.1. Vatn, avløp og renovasjon (VAR)

Stranda kommune leverer tekniske tenester, infrastruktur og vedlikehald innan vatn, avløp og renovasjon til næringsliv og innbyggjarar. Stranda kommune har store næringsmiddelbedrifter som har behov for høg kvalitet på tenester og leveransar, noko kommunen forsøker å etterleve. Dette krev gode rutinar, god oppfølging og opplæring av mannskap, samt fleksible løysingar. Det vert heile tida arbeidd for å forbetre desse tenestene. Jamn og sikker levering er viktig for kommunen.

Stranda kommune har nær 7.000 meter med eternittrør som er ynskeleg å skifte, kostnadsrekna til om lag 45 millionar kroner. Dette må og vert prioritert saman med reinseanlegg for avløp.

5.2. Veg og samferdsel

Samferdsel er avgjerande for lokalt næringsliv og ein viktig del av folk sin kvardag. For kommunen sitt ansvarsområde gjeld dette løvvingar til vedlikehald og brøyting av kommunal veg, samt planregulering. I 2021 var brøytinga på ny anbodsrunde. Timeprisen er betydeleg høgare, men all brøyting og grusing skal no dokumenterast gjennom GPS-sporing. Korleis vinteren vert vil likevel ha mest å seie for kostnaden. Kostnadsreduksjon som no er lagt inn som tiltak både på vinter og sommarvedlikehald er utfordrande.

Også for 2022 er det innarbeidd midlar til asfaltering – noko som er svært viktig. Kjem ein seint inn med asfalt/reasfaltering vil kostnaden auke grunna stor slitasje. Som ein ser av einingsarka har antal meter asfalt auka på kommunal veg siste åra i høve til kommunal veg med grusdekke – noko som på sikt også gir innsparinger.

5.3. Beredskap, brann og feiing

Brannvernet er ein vesentleg del av kommunen sin beredskapsstyrke og har 24/7 vakt. Det er derfor viktig at ein har utrustning, personell og samband som er naudsynt for å kunne utføre denne tenesta på ein god, sikker og trygg måte for personell og dei ein skal yte teneste for. For 2022 er det utarbeidd og vedteke samarbeidsavtale med Fjord som inneber felles brannsjef og ei styrking av tilsyn og forebyggande arbeid.

Kutt i opplæringsmidlar i tiltakslista vil vere utfordrande innan brann- og redning. Kursa er lovpålagd og kostnadskrevande då krav til deltidsmannskap er omtrent like store som til heiltidsmannskap.

Arbeidstilsynet har som kjent gitt pålegg som gjer det naudsynt med ny brannstasjon i Geiranger. Planleggingsarbeidet er godt i gang og ein er komen fram til avtale med grunneigarane.

5.4. Næringsutvikling

Stranda kommune ynskjer å legge til rette for ei positiv næringsutvikling i kommunen. Kommunen og innbyggjarane nyt godt av lav arbeidsløyse og eit lokalt næringsliv som har vist evne til omstilling. Fleire bedrifter treng truleg ny arbeidskraft. Dette betyr at ein må ha tilgjengelege og attraktive bustadområde, gode næringsområde og gode tilbod i sentrumsområda.

Stranda kommune skal også bidra til å ha fokus på lokal verdiskaping, trygging og etablering av arbeidsplassar. Dette kan vere bidrag gjennom HOPPID eller med tilskot til næringsformål gjennom næringsfondet.

Skogbruksjefen gjer eit godt arbeid innan fagfeltet gjennom avtale både med Sykkylven og Fjord.

Forvaltning av tilskot til landbruk i verdsarvområdet er no overteke frå fylket – noko som viser igjen i oversikta over antal saker og tid brukt på dei. Generelt er Stranda ei aktiv landbrukskommune med saksmengde deretter.

Coronaepedemien har gitt store utfordringar for turistnæringa i 2020 – 2021. Spesielt utfordrande har dette vore for cruisetrafikken, men utsleppskrava som kjem framover vert ei stor utfordring saman med knappheit på straum til spesielt Hellesylt og Geiranger.

5.5. Areal- og planutvikling

Det har dei siste åra vore arbeidd aktivt med areal- og planutvikling i Stranda kommune.

Kommunen vedtok samfunnsdelen av kommuneplanen i februar 2019 og arealdelen sidan.

Det er viktig at kommunen til ei kvar tid har ledige kommunale tomter i alle bygdelag. Dette gjeld både for bustader og areal for næringsutvikling. Kopane vart ferdigstilt i 2020, og ein arbeider no med Ringdalsåsen. På Stranda vil regulering verte oppstarta i 2022. Det er svært gledeleg at 2021 er eit nytt år med bustadbygging i alle bygdelag.

Etter ei sterk satsing på kommuneplanen med løving av driftsmidlar – er dette etter siste kutt redusert til berre å dekke oppstarta felles arealplan sjø. Anna tilrettelegging i form av regulering må då skje gjennom konkrete prosjektmidlar.

5.6. Kart- og oppmåling

Denne avdelinga er viktig for dei som skal bygge hus og hytter m.m. i kommunen. God planlegging krev gode og oppdaterte kart. Område som er i stadig utvikling, t.d. i Hevsdalen, medfører behov for jamleg oppdatering av kartverket med tilhøyrande kostnader.

Avdelinga bidreg også elles med kart og opplysningar til firma som skal ha oppdrag i kommunen. Arbeidsmengda er i grenseland stor i høve til kapasiteten, spesielt med tanke på toppane og kommunen sin eigen aktivitet med kjøp og sal av grunn.

5.7. Bygesak

For dei som har behov for handsaming av kommunen, er det viktig at ein har god sakshandsamingskapasitet. Dette er viktig både for bustadbygging og næringsaktivitet. Bygesakshandsaming har vore prioritert med ressursar både i 2020, 2021 og inn i 2022. Gjennom dei seinare åra er også gebyrsystemet lagt om slik at dei dekker kostnaden og er meir i samsvar med arbeidet i kvar sak.

5.8 Vaktmeistertenesta

Digital FDV-løysing gjennom Famac er på plass for dei viktigaste bygga. Omlegging siste året der vaktmeistertenesta i større grad kan reindyrke bygningsdrift er viktig. Det er stor forskjell på budsjettet frå 2021 til 2022 då kostnad med straum, brøyting, renovasjon er ført vekk (redusert) frå dei andre einingane og ført over til vaktmeistertenesta- dette utgjer om lag 4 millionar kroner. Som tidlegare nemnt er det potensiale for å forhandle fram felles gode avtalar på service og kontroll. Dette var lagt inn i budsjett, men i tiltakslista teke ut igjen. Ein får dermed større utfordringar med å få avtalane på plass. I tiltakslista er det også lagt inn reduksjon i straumkostnad.

6. STRANDA HAMNEVESEN KF

Stranda Hamnevesen KF har ansvaret for forvaltinga av sjøområdet i kommunen, i medhald av «Lov om hamner og farvatn» samt vedtak gjort av Stranda kommunestyre.

Styret i Stranda Hamnevesen KF utarbeider eige framlegg til budsjett for hamnevesenet, og legg dette fram for kommunestyret som eiga sak. Budsjettframlegg frå Stranda Hamnevesen vil vere klart til handsaming i same møter som kommunen sitt budsjett (formannskap 29. november og kommunestyre 15.desember).

7. INTERKOMM.SELSKAP OG SAMARBEID

Stranda kommune har etter vedtak gjort av kommunestyret, organisert delar av den kommunale verksemda i interkommunale selskap eller som interkommunale samarbeid. Kommunen er med i følgjande interkommunale selskap:

Namn på selskapet	Andel
Ålesundregionens Interkomm.Miljøselskap IKS (ÅRIM)	4,9%
Åknes/Tafjord Beredskap IKS	20%
MR Revisjon SA	
Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal IKS	2,6%
Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS	8,3%
Sunnmøre Regionråd IKS	5,9%

Stranda kommune tek del i følgjande interkommunale samarbeid:

Namn på samarbeidet:
Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre
Nødnett/Legevaktformidling
Overgrepsmottak
Krisesenter
Partnerskap ALV Møre og Romsdal
Ålesund interkommunale legevakt, natt
Interkommunal veterinærvakts
Felles legevakt med Sykkylven kommune utanom kontortid
Felles brannordning med Fjord, oppstart 01.01.2022
Felles barnevern med Fjord kommune, 01.04.2022

8. ØKONOMISKE FØRESETNADAR

Innleiing – skattøre bør utgjere 40% av inntektene

Inntektssystemet er lagt opp slik at sum skatt, egedomsskatt og naturressursskatt skal utgjere 40% av kommunen sine samla inntekter. Dette vert populært kalt at skattøre er på 40%. Dersom ein ikkje tek inn fullt ut av egedomsskatten, vil ein ikkje kome opp i inntekter tilsvarande 100%.

Konsekvensen av eit skattøre på 40% er at sum brukarbetaling og rammetilskot utgjer 60% av inntektene. Dersom ein ikkje nyttar inntektpotensiale fullt ut på brukarbetalingar, kjem kommunen også på denne måten under «normalen» på inntektsida.

Konsekvensen av å ikkje utnytte inntektpotensialet til kommunen, er nedskalering av drifta.

I 2021 har skatteinngangen til kommunene auka vesentlig. Kommunane tek denne veksten inn til 2022. I 2021 vert også kostnadsveksten høgare enn statsbudsjettet tilsa. Kommunal deflator er oppjustert frå 2,7% til 3,3%. Dette aukar prisnivået inn i 2022. Dermed får inntektsveksten mindre verdi inn i 2022.

Regjeringens kommuneopplegg for 2022

Den avgåtte regjeringens forslag til statsbudsjett ble lagt fram 12. oktober. I kommuneopplegget anslås realveksten i *frie inntekter* for kommunene til 1,6 mrd. kroner (dvs. 0,5 %), mens det i kommuneproposisjonen i mai ble signalisert en vekst i intervallet 1,6–2,0 mrd. kroner. Ved beregning av realvekst i kommunesektorens inntekter for 2022 er det lagt til grunn en kostnadsvekst (deflator) på 2,5 % (fordelt med 3,2 % som årslønnsvekst og 1,6 % som prisvekst). I realveksten ligger det også inne 100 mill. kr for å legge til rette for flere barnehagelærere i grunnbemanningen og 100 mill. kr (hvorav 75 mill. kr for kommunene) til satsing på barn og unges psykiske helse. Kommunens del er her hhv. 72.000 kr og 80.000 kr.

Realveksten på 0,5 % er regnet fra inntektsnivået i 2021 slik det ble anslått etter behandlingen av Revidert nasjonalbudsjett 2021. Når veksten regnes fra anslag på regnskap for 2021, blir inntektsveksten fra 2021 til 2022 lavere, siden veksten regnes fra et oppjustert nivå sammenlignet med nivået i revidert nasjonalbudsjett 2021. Oppjusteringen for i år har sammenheng med økt skatteinntektsanslag for kommunene med 5,042 mrd. kr.

Skatteinntektene for i år er nå anslått å øke med 11,6 % nominelt for kommunene.

Regjeringen foreslår at den kommunale skattøren for personlige skattytere for 2022 settes ned til 10,95 prosent, som er en reduksjon på hele 1,2 prosentpoeng. Denne kraftige reduksjonen har sammenheng med et makroøkonomisk styringsmål om at skatteinntektsandelen skal utgjøre 40 pst. av de samlede inntektene (herunder også eiendomsskatt). Ordinær skatt på inntekt og formue (inkl. naturressursskatt) anslås å bli 0,1 % lavere for kommunene samlet, sammenlignet med det sist justerte nivåanslaget for i år. Rammetilskuddet for kommunene foreslås økt med 3,4 %. Sum frie inntekter anslås etter dette å øke med 1,5 % nominelt.

I rådmannen sitt budsjettframlegg for 2022 er frie inntekter (ordinær skatt og rammetilskudd) satt til **292,251 mill. kr**, som er 338.000 kr lavere enn i beregningene fra KMD. Kommunedirektøren legger per nå til grunn **295,817 mill. kr** som frie inntekter i år. Korrigerer vi med -4,722 mill. kr, som er summen av såkalte oppgaveendringer i kommuneopplegget, får vi 291,095 mill. kr i oppgavekorrigerte frie inntekter 2021. *I rådmannen sitt budsjettforslag legges derfor til grunn en nominell vekst i frie inntekter på 1,156 mill. kr eller 0,4 %.¹*

Oppgaveendringene over rammetilskuddet omfatter følgende innlemminger, korrekjoner og regelendringer: Beløpet i hver av linjene viser kommunens andel av den enkelte korreksjonen (fordelt etter aktuell delkostnadsnøkkelen) – og som kan brukes i beregningen/dokumentasjonen av rammeendringer for aktuelle tjenesteområder.

¹ Lokalt skatteanslag er i disse beregningene basert på tilsvarende anslag som landet (dvs. 11,6 prosent i 2021 og -0,1 prosent i 2022). For perioden januar-september 2021 hadde kommunen en skattekjede på 15,2 prosent.

	I makro	Stranda
Samlet korreksjon i rammetilskuddet 2021 (1000 2021-kr)	-2 652 094	-4 722
Nominell videreføring av kapitaltilskudd barnehagene 2021	-259 200	-204
Redusert pensjonstilskudd, private barnehager	-201 820	-145
Økonomisk tilsyn med private barnehager	-4 878	-4
Ekstra skoletime naturfag i grunnskolen	97 366	79
Inntektsgradert foreldrebetaling SFO på 3. - 4. trinn	35 000	29
Statlig/private skoler, endring i elevtallet	-114 870	-94
Barnevernsreformen. Korreksjon etter barnevernsnøkkelen/Tabell C	1 278 049	1 097
Kompetansekrav statlig og kommunalt barnevern	51 220	31
Innlemming av stillinger i det kommunale barnevernet	820 605	495
Avvikle forsøk i barnevernet	-39 024	0
Barnekoordinator	97 561	104
Basistilskudd til fastleger	125 000	134
Forvaltning og drift av nasjonale e-helseoplosninger	314 341	336
Ressurskrevende tjenester, tilleggskompensasjon	-53 659	-55
Forsøk med statlig finansiering av omsorgstjenestene	2 064 530	0
Dagsats tiltakspenger	67 317	38
Implementering av rusreformen	97 561	55
Tolkeloven	20 170	20
Universell utforming av IKT	33 171	33
Differensiert arbeidsgiveravgift	-2 534	0
Grensejusteringer 2022	0	0
Koronatiltak 2021	-7 078 000	-6 671

Rådmannen har for de øvrige årene i planperioden (2023-25) budsjettert med en årlig realvekst over kommuneopplegget på 1,7 mrd. kr eller 0,5 % (noe utover demografikostnadene i makro), og forutsatt den samme relative veksten på skatt og rammeoverføringer.²

² I prognosekjøringen (basert på KS-modellen) er det lagt til grunn framskrevne innbyggertall både for kommunen og landet, konkret per 1.1.2022, 1.1.2023, 1.1.2024 og 1.1.2025 (SSB MMMM justert for TBU-metode). Innbyggertall fordelt på de aktuelle aldersgruppene har telletidspunkt 1. juli år t, og vi lar disse være gjennomsnittet av tallene per 1.1 år t og 1.1 år t+1. Innbyggertall totalt og fordelt på aldersgrupper per 1. juli påvirker innbyggertilskuddet og utgiftsutjevningen det påfølgende året, mens innbyggertall totalt per 1.1. påvirker inntektsutjevningen aktuelt år.

Oppsummert for årene i økonomiplanperioden opereres derfor med følgende anslag for frie inntekter (i 1000 2022-kr):³

	2021	2022	2023	2024	2025
Rammetilskudd (fast del)	145 789	143 371	142 902	142 976	142 469
Skatt	144 604	144 527	144 002	143 594	143 356
Inntektsutjevning	5 424	4 353	4 337	4 325	4 318
Sum frie inntekter	295 817	292 251	291 241	290 895	290 143
%-endring		-1,2	-0,4	-0,1	-0,3
%-endring, ekskl. covid-19 bevilgning		1,1	0,0	0,0	0,0

Rammetilskot og inntektsutjevning (INGAR) inngår i Sum rammetilskot.

Utgiftsutjevningen inngår også i rammetilskotet. Sjå endringane fra 2021 til 2022 i vedlegget som gjelder grønt hefte 2022.

Kommunesektoren sine inntekter er sett saman av frie og bundne inntekter. Dei bundne inntektene består hovudsakleg av øyremerka tilskot, gebyr og eigenbetalingar knytt til spesifikke kommunale tenester. Dei frie inntektene er inntekter som kommunane kan rá fritt over utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og regelverk. Dei frie inntektene består av rammetilskot og skatteinntekter, og inntektssystemet fordeler desse inntektene til kommunane.

Det overordna føremålet med inntektssystemet er å bidra til at kommunane kan gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. Ved fordelinga av rammetilskotet tek ein omsyn til strukturelle skilnadar i kommunane sine kostnad (utgiftsutjamning) og skilnadar i skatteinntektene (skatteutjamning).

Omfordelinga som følgje av utgifts- og skatteutjamning skjer gjennom innbyggjartilskotet. Utgiftsutjamninga er grunngjeve med at demografiske, geografiske og sosiale tilhøve gjev strukturelle kostnadsskilnadar som kommunane i liten grad sjølve kan påverke. For at kommunesektoren skal kunne gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine, må ein ta omsyn til slike strukturelle skilnadar i kostnad når dei økonomiske rammene for den einskilde kommune blir fastsett. Eksempel på slike skilnadar i kostnad mellom kommunane er ulik aldersfordeling eller reiseavstand innanfor kommunen. For å oppnå ei rimeleg utjamning av dei økonomiske føresetnadane blir og skatteinntektene utjamna. Skatteutjamninga omfattar inntekts- og formuesskatt frå personlege skattytalar og naturressursskatt frå kraftføretak.

Inntektssystemet inneheld òg tilskot som er grunngjevne ut frå regionalpolitiske mål. Regionalpolitiske tilskot til kommunane er:

- Distriktstilskot Sør-Noreg.
- Distriktstilskot Nord-Noreg.
- Storbytilskot.
- Regionsentertilskot.

³ Ordinært skjønn fra Statsforvalteren (0,5 mill. kr i 2022) er satt til 0,25 mill. kr i årene 2023, 2024 og 2025.

- Veksttilskot.

I tillegg blir det gjeve skjønnstilskot for å kompensere kommunane for lokale tilhøve som ikke blir fanga opp i den ordinære delen av inntektssystemet.

8.2. Driftsbudsjettet – endring av metode for budsjettering

Driftsbudsjettet er bygt opp etter følgjande metode:

Konsekvensjustert budsjett

+/- Nye tiltak

= Årsbudsjett

Med bakgrunn i dei nye tiltaka er det gjort ei vurdering om tiltaka kan vidareførast inn i økonomiplanperioden.

8.3. Oversikt driftstiltak

Lesaren vil sjå at meir-/mindreforbruk i konsekvensjustert budsjett er lågare enn først presentert. Det er fordi det har vore arbeidd vidare med tiltak for å redusere driftsnivået og omstille drifta.

Desse valga gir oppstillingsplaner drift på neste side. Oversikt over tiltaka følgjer vedlagt.

9. BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT

9.1 Bevilgingsoversikt drift del A

Stranda	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk. Plan 2024	Øk. plan2025
7. Ny beregning av indirekte utgifter, sjølvkostområdet gir følgjande inntekter fordelt på ulike ansvar i administrasjonen

	2022	2023	2024	2025
KOMMUNELEIING	-1 654 419	-1 654 419	-1 654 419	-1 654 419
064: 1010 Refusjon - indirekte kostnadar sjølvkost	-1 654 419	-1 654 419	-1 654 419	-1 654 419
KOMMUNELEIING (1010)	-234 289	-234 289	-234 289	-234 289
RÄDMANNSKONTOR (1011)	-88 813	-88 813	-88 813	-88 813
ØKONOMIAVDELING (1020)	-467 151	-467 151	-467 151	-467 151
PERSONALAVDELING (1021)	-22 009	-22 009	-22 009	-22 009
IKT (1023)	-354 446	-354 446	-354 446	-354 446
SERVICEKONTOR (1030)	-487 711	-487 711	-487 711	-487 711

Tidlegare har indirekte utgifter vore budsjettert som reduksjon av direkte lønnsutgifter. Endring og ny utrekning har gitt lågare refusjon med ca kr 1 975 000. Denne reduksjonen i indirekte kostnadar gir auke i netto rammene til ansvara som er vist i oversikta ovanfor.

8. Ny e-handelsløysing. Kommunen si e-handelsløysing (IBX Tadeshift) fungerer ikkje godt nok/vert ikkje vedlikeholdt av leverandør/går ut 1.6.2022. Det er lagt inn kostnadsauke frå kr 42 500 med kr 50 000 i 2022, til kr 92 500 og deretter er auken redusert til kr 25 000

årleg, til ny årleg pris kr 67 500. E-handelsløysinga er det alle innkjøparane i kommunen som nyttar. Innkjøpssamarbeidet vil bistå kommunen i anskaffelsen.

9. Ny hovedtaksering eigedomsskatt. Det er viktig at kvaliteten i anskaffelsen er god slik at kommunen får færrest mogeleg klagesaker. Kvalitet i leveransen vil verte forsøkt vekta høgare enn pris. Estimat for innkjøpet er kr 1 400 000.

Mål for verksemda

1. Reduksjon av manuelle rutinar og over på meir moderne løysingar i retning av fleire og meir digitale prosessar.
2. Ny hovedtaksering: Innkjøp av eigedomsskatte-taksering tenester til riktig kvalitet, dokumentasjon og pris. Innkjøpet bør inkludere handsaming av klager som følgje av ny taksering.
3. Vedlikehald av PROFIL

Tiltak for å nå måla

1. Følgje med i utviklinga over til mindre tidkrevjande løysingar, slik at vi får gjort alle arbeidsoppgåver i rett tid og rett kvalitet.
2. Anbod eigedomsskatte-takseringtenester
3. Kontrollere vedtak for gebyr opp mot gebyrlinjer – og at denne går mot riktig ansvar, konto og teneste via effektive løysingar.

Utfordringar

Låg bemanning gjer at ein manglar ressursar. Av same grunn manglar det også overlappande kompetanse, og eininga er sårbar om det skulle oppstå sjukefråver.

Kommentar til drifta frå einingsleiar 2021 med resultat hittil i år

Eininga manglar tid/ressursar til å følgje opp spesielt anskaffingar og internkontroll. I 2021 har vi hatt fokus på å effektivisere og dokumentere på ein betre måte. Det har vore arbeidd med å rydde opp i gamle problemstillingar både for kommunen og Stranda Hamnevesen KF. Dette gjeld spesielt bruk av anleggsregisteret, som er grunnlag for korrekte avskrivinger. Det kan nemnast at første året med utarbeiding av konsernrekneskap 2020 var tidkrevjande og medførte bruk av overtid.

Mål for verksemda:

- I 2021 vert det tatt i bruk det tenestebaserte faktureringssystemet PROFIL innanfor helse og omsorg for å effektivisere utfakturering innanfor denne sektoren. Dette er gjennomført.
- 90% av inngående faktura over på ehf-format. Pr november er dette 90,21%.
- Tertiarrapportering med prognosar skal utarbeidast gjennom Visma. Økonomirapportering. Dette er gjennomført i 2021 – og vil fortsette i 2022.
- Struktur på avstemmingsarbeidet i samarbeid med revisjon. Det vart mykje prøving og feiling i årsavslutninga for 2020. For årsavslutninga for 2021 vil vi be revisjonen om veiledning.

Tiltak for å nå måla:

- Samarbeid med einingane innanfor pleie og omsorg for å implementere PROFIL, noko som vil lette utfaktureringa innanfor denne sektoren. Dette vart oppstarta i 2021.
- 1) Vidareføre systematisk arbeid for å få leverandørar til å sende faktura til kommunen på ehf-format.
- Opplæring av organisasjonen innan Visma økonomirapportering web. Dette har vore gjennomført ein gang i 2021. Vi gir oppfølging til dei einingsleiarane som spør om hjelp.

Utfordringar:

Låg bemanning gjer at ein manglar ressursar. Av same grunn manglar det også overlappande kompetanse, og eininga er sårbar om det skulle oppstå sjukefråver.

11.1.4 Personalavdelinga

Kort skildring av verksemda:

Personal- og løns avdelinga er ein del av rådmannen sin stab og har det overordna ansvaret for kommunen sin arbeidsgjeverpolitikk. Avdelinga opptrer på vegne av rådmannen i oppgåver knytt til personal, kompetanseutvikling, rekruttering, lønspolitikk, HMS/internkontroll og har eit nært samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane og hovudverneombodet. Avdelinga skal bidra til at organisasjonen tek best moglege beslutningar både på organisasjons- og individnivå.

Personal og lønsavdelinga utfører ei rekke oppgåver knytt til den enkelte medarbeidar sitt arbeidsforhold som løn, sjukefråvær, ferie, permisjonar m.m. Avdelinga skal vidare bistå toppleiringa i strategisk organisasjonsarbeid, samt støtte einingsleiarar og avdelingsleiarar i personalleiing som til dømes oppfølging av fysisk og psykososialt arbeidsmiljø og gjennomføring av endringsprosesser. Avdelinga er dagleg kontaktpunkt for hovudtillitsvalte og hovudverneombod og har ansvar for dei faste hovudtillitsvaldsmøta . I tillegg saksbehandlar avdelinga saker til tilsetjingsutval, løns og forhandlingsutval, arbeidsmiljøutval, partsamansett utval og det politiske forhandlingsutvalet.

Ein gjer merksam på at kostnadene til frikjøp av hovudverneombod og hovudtillitsvalde er plassert i personalavdelinga sitt budsjett. Den totale kostanden til frikjøp tilsvara omlag ei 90% stilling. Nytt i budsjett for 2022 er at utgiftene til frikjøp er lagt i sin heilskap på fastløn. Det kan sjå ut som løn og sosiale utgifter har hatt ei stor auke, men dette er omfordeling av kostnadene innad i ansvar 1021 personal.

Den totale auken på ansvar 1021 Personal er på kr. 239.000,-. Auken er knytt hovudsakleg til auke i sosiale utgifter som følgje av at utgifter til frikjøp av hovudtillitsvalde frå 2022 er lagt over på fastløn. I tillegg kjem auka lønnsutgifter etter sentralt og lokalt lønsoppgjer.

	2018	2019	2020	2021	2022
Tal tilsette	2	3	4	4	4
Tal årsverk	2	2,5 (overført 0,5 årsverk frå økonomi til personal. Ny stilling knytt til HMT oppgåver frå 1.9.2020)	2,9 (overført 0,4 årsverk tidlegare lagt til økonomiavd. frå 1.1.21. Stillinga er knytt til lønsarb.)		2,9

1021	PERSONALAVDELING	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	2 322 000	2 632 000	3 378 000	3 378 000	3 378 000	3 378 000
	Kjøp inngår i tj prod	746 000	1 283 000	799 000	799 000	799 000	799 000
	Kjøp erstatter tj prod	0	0	0	0	0	0
	Overføringer fra komm	24 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	225 000	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	0	0	0	0	0	0
	Refusjoner	-165 000	-125 000	-147 000	-147 000	-147 000	-147 000
	Overføringer til komm	-225 000	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	-605 000	0	0	0	0	0
	Sum	2 322 000	3 791 000	4 030 000	4 030 000	4 030 000	4 030 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Frå 1.11.20 vart skatteoppkrevjarfunksjon flytta frå økonomiavdelinga over til skatteetaten. Stillinga var fordelt mellom skatteoppgåver (60%) og lønsoppgåver (40%). Stillinga knytt til lønsarbeid vart frå same dato flytta frå økonomiavdelinga til personalavdelinga . Årsverka totalt i staben er ikkje auka opp, men det er gjort ei omfordeling av årsverka innad i staben. Tal tilsette på økonomiavdelinga er redusert tilsvarende med ein person. Omfordelinga som er gjort har ført til at ein er noko mindre sårbar ift lønsarbeidet.

Mål for verksemda 2022

Mål 1	Vere gode og oppdaterte medarbeidarspesialistar: Rådgjeving i lønsspørsmål, IA- arbeid, rekrutteringsprosessar, HMT/ internkontrollarbeid, lønsforhandlingar, pensjon og personalsaker.
Mål 2	Overhalde akseptable tidsfristar i tilsettingssaker og andre saker
Mål 3	Stadig fokus på effektivisering av system og rutinar. Visma expense (elektronisk reiserekning) skulle vere oppe å gå i løpet av 1. halvår 2021. Det målet nådde vi.

Tiltak for å nå måla:

2. Halde seg fagleg oppdatert på regelverk og sjå til at ein utøver ein mest mogleg lik praksis innanfor personalarbeidet i dei ulike einingane.
3. Gjennomføre gode og grundige prioriteringar innanfor det som hastar mest.
4. Sørgje for ei stadig utvikling og effektivisering av system og rutinar.

11.1.5 IKT

Kort skildring av verksemda:

Avdelinga støtter opp om IKT-bruken i alle tenesteeiningar. Det blir gitt støtte til i overkant av 900 brukarar der vel 600 brukarar er innanfor oppvekst (lærarar og elevar).

Totalt er det rundt 800 datamaskiner og vel 70 serverar i daglig drift som avdelinga har ansvaret for. I tillegg kjem eit stadig aukande tal nettbrett, smarttelefonar og multifunksjonsmaskiner (skrivar/kopi/skann/fax).

Arbeidsoppgåver til dei tilsette på avdelinga er mellom anna:

- Varierte oppgåver knytt til IT-drift.
- Utvikling og drift av kommunen sine IT system i høve til avdelinga sine rammebetingelsar og strategiske målsetningar.
- Ansvar for å gi god kundestøtte og følge opp problemstillingar for brukarane.
- Innkjøp av maskin- og programvare.
- Forvaltning av programvarelisensar.
- Effektivisering, standardisering og kvalitetssikring av IKT-løysingane.
- Kontakt og koordinering ovanfor leverandørar.
- IKT-strategisk arbeid, organisasjonsutvikling knytt opp mot IKT.
- Prosjektarbeid (eks. ved innføring av IKT-system, velferdsteknologi, breibandsutbygging).
- Administrasjon, drift og vedlikehald av Telia Trådlaus Bedrift.
- Personvern/ informasjonssikkerheit/ GDPR.

Bemannning	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	2	2	2	2	2	2
Antall årsverk	2	1,5	2	2	2	2

I 2021 har vi vore 1 fast tilsett og 1 lærling. Frå august 2021 fekk vi tilsett ny IKT-konsulent.

Premisser for budsjettet 2022

Korona-situasjonen som inntraff i mars 2020 viste at vi aldri tidlegare har vore meir avhengig av arbeidsgjevar sine IKT-løysingar og infrastruktur generelt i kommunen for å halde hjula i gang.

Erfaring frå Korona viser at vi må legge meir til rette for mobilitet ifht eks heimekontor. Tradisjonelt har vi tilbydd tilsette mykje stasjonært utstyr. Vi ser no at vi i enno større grad bør sette brukaren i sentrum når vi tilbyr datautstyr og tenester. Vi må strebe mot å tilby en enno betre tenestekvalitet ved å tilby dei tilsette det beste av maskinvare, programvare og underliggende IT-arkitektur.

Vidare ser vi at det er ei sterk auke i talet på hendingar knytt til løysepengavirus/ krypteringsvirus. NSM ser det som svært sannsynleg at fleire norske verksemder vil bli utsett for dette i 2022. Det må derfor vere ei prioritert oppgåve å jobbe med digital risiko.

Største delen av budsjettet til IKT er knytt opp mot faste avtaler til leverandørar av fagsystem (lisensar og vedlikehaldsavtaler).

Ressursinnsats

1023	IKT	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	1 463 000	1 194 000	1 528 000	1 528 000	1 528 000	1 528 000
	Kjøp inngår i tj prod	2 959 000	2 772 000	3 716 000	4 156 000	4 156 000	4 156 000
	Kjøp erstatter tj prod	2 634 000	2 004 000	3 595 000	3 595 000	4 295 000	4 295 000
	Overføringer fra komm	5 755 000	0	0	0	250 000	250 000
	Finansutgifter	2 000 000	0	0	0	0	645 000
	Salgsinntekter	-4 000	0	0	0	0	0
	Refusjoner	-4 533 000	0	-354 000	-354 000	-604 000	-604 000
	Overføringer til komm	-59 000	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	-3 238 000	0	0	0	0	0
	Sum	6 978 000	5 971 000	8 484 000	8 924 000	9 624 000	10 270 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Den daglege drifta fungerar greitt. Historisk sett har fokuset til avdelinga primært vore på å oppretthalde stabil drift. Vi ser no at avdelinga blir involvert i fleire og fleire prosjekt noko som medfører at det er vanskeleg å sette av så mykje ressursar til ordinær drift som ønskeleg

Mål for verksemda 2022

Mål 1	Det overordna målet vårt er å levere sikre og stabile IT-tjenester for alle einingar i kommunen.
Mål 2	Vi vil jobbe for å tilby gode brukaropplevelsar i forhold til fjerntilgang til kommunale system eks ved heimekontor.
Mål 3	Vi vil jobbe for å unngå at utstyr med høg alder gir høge driftskostnadnar og låg produktivitet.

Tiltak for å nå måla:

For å levere stabile tjenester må vi ha ein moderne, oppdatert og sikker IT-infrastruktur. Driftsovervaking må vere på plass slik at vi raskt kan oppfatte hendingar som kan påverke oppetid. Vi har hatt større oppgraderingar på infrastruktur både på serverpark og nettverk i 2021 og vil halde fram med dette.

Ved å flytte lokale ressursar til sky vil vi få fordelen at vi raskt kan provisjonere dataressursar med minimal administrasjonsinnsats. I stadenfor at vi lokalt må gjere investeringar og utvide ved behov kjøper vi dette direkte frå sky-leverandør. Ein vil nok ikkje oppleve at dei totale kostnadane samla sett vert lågare, men fleksibilitet knytt til uttak av ny funksjonalitet, samt optimalisering av kapasitet gir moglegheit til god kontroll.

Vil vil kontinuerleg jobbe med å sikre kontroll på Identitets- og tilgangsstyring (IAM). Dette går på at tilsette skal ha riktig tilgang til digitale system, tjenester og ressursar. Vidare jobbe med å implementere MFA (Multi faktor autentisering) på fleire system.

Det vil vere ei prioritert oppgåve å jobbe med digital risiko, og tiltak knytt til dette.

Nye tiltak innanfor ramme:

I forhold til investeringar i 2022 så er det eit ønske om å halde fram med å legge til rette for meir mobilitet ved ei dreiling over mot berbart utstyr som primærutstyr for tilsette. Det er og sett av midlar til naudsynt oppgradering av legesystem og kommunen sitt saksbehandlingssystem.

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

Utfordringar:

IKT er ei lita avdeling og vi ser at det er utfordrande å ha kapasitet til å vere med i prosjekt i tillegg til å ta seg av den daglege drifta. . Tilsetting av ny IKT-ingeniør skal vere med på å avhjelpe dette.

Vidare har vi eit stort og krevjande fagområde å forholde oss til. Låg bemanning gjer at vi manglar overlappande kompetanse. Eininga vil derfor vere sårbar om det skulle oppstå sjukefråvær.

11.1.6 SERVICEKONTORET

Kort skildring av verksemda:

Servicekontoret er lokalisert i 1. etg. på Rådhuset og er lett tilgjengeleg for alle.

Servicekontoret er ein del av rådmannen sin stab- og støttefunksjon, og overordna mål er å utvikle servicenivået og gje alle ei positiv oppleveling i møte med kommunen.

Kontoret skal vere eit naturleg kontaktpunkt for innbyggjarane, næringslivet og det politiske miljøet og yte tenester innanfor eit bredt fagfelt. Kontoret har kontinuerleg fokus på utvikling og drive effektiv og servicevenleg kundebehandling gjennom å utvikle gode system for brukardialog.

Digitalisering er eit middel for å skape betre tenester, og publikum kan i stor grad serve seg sjølv 24-7 via kommunen si nettside. Heile organisasjonen må vere bevisst på eit målretta arbeid med å yte god service.

Fagområde under ansvar Servicekontoret: Servicesenter, web-publisering, dokument- og arkivforvaltning, politisk sekretariat, saksbehandling og interntenester.

Bemanning	2019	2020	2021	2021 Budsj.	B2022	Ø2023
Antall tilsette merkantilt	4	4	4	4	4	4
Antall årsverk	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8
Antall tilsette reinhaldarar	2	2	2	2	2	2
Antall årsverk	1,5	1,5	1,5	1,5	1,5	1,5

Premisser for budsjettet 2022

Utgangspunkt i budsjett 2022 er aktivitetsnivå og vedtekne ramme for budsjettåret 2021, med lønsvekst og event. auke i driftsinntekter.

Arbeidsoppgåver knytt til arkiv, post- og journalføring er overført frå PPT til Servicekontoret (50%stilling). Arbeidsoppgåvene er overført utan økonomisk kompensasjon og utan endring i stillingsprosentar.

Ressursinnsats

1030	SERVICEKONTOR	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	2 460 000	2 324 000	3 187 000	3 187 000	3 187 000	3 187 000
	Kjøp inngår i tj prod	477 000	678 000	687 000	687 000	687 000	687 000
	Kjøp erstatter tj prod	0	0	0	0	0	0
	Overføringer fra komm	80 000	12 000	12 000	12 000	12 000	12 000
	Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	-140 000	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
	Refusjoner	-81 000	-10 000	-498 000	-498 000	-498 000	-498 000
	Overføringer til komm	0	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	0	0	0	0	0	0
	Sum	2 795 000	2 853 000	3 238 000	3 238 000	3 238 000	3 238 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Kontaktpunktet mellom innbyggjar og kommune er særskilt viktig, både ved fysisk oppmøte og elektronisk samhandling. Dette gjeld også mot det politiske miljøet.

For å gi innbyggjarane og det politiske miljøet god service og vere tydeleg i kommunikasjonen, er det viktig at dei tilsette har god kompetanse om dei kommunale tenestene. I ein stor organisasjon er god internkommunikasjon eit viktig verkemiddel for å levere gode resultat. God internkommunikasjon legg også godt grunnlag for god ekstern kommunikasjon, dette for å skape openheit og samhandling. Kommuneorganisasjonen må vere i utvikling og tilpassa tenestene i tråd med behov som innbyggjarane har. Nye digitale plattformer for samhandling er tatt i bruk både administrativt og politisk.

Dei tilsette må fortsatt vere konstruktive og fleksible i forhold til pålagde arbeidsoppgåver i koronapandemien, som smittesporing, vaksinering m.m.

Mål for verksemda 2022

Mål 1	Nytt saksbehandlingssystem – Acos Skydrift - WebSak 8 og WebSak+
Mål 1	Revidering av kommunen sin arkivplan
Mål 2	Avlevering og digitalisering av bygg- og landbruksarkivet
Mål 3	Gjennomgang av nettsida – struktur og ønskje
Mål 4	Kompetanseoverføring

Tiltak for å nå måla:

Mål for avdelinga er å bidra til god omdømebygging og levere gode teneste, telefonisk, elektronisk og fysisk. Dette er kriterier som vert målt på ved undersøkingar om servicegrad, og heile organisasjonen inngår i den undersøkinga.

Kontinuerleg kompetanseoverføring er ein viktig faktor for å ivareta dei tilsette sin kunnskap og erfaringar på.

Nye tiltak innanfor ramme:

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

Utfordringar:

Utfordringar både personalmessig og økonomisk for å nå oppsette mål.

Informasjon som til ei kvar tid skal vere oppdatert, korrekt og godt strukturert på kommunen si nettside. Dette krev god kommunikasjon/rutinar internt og oppdaterte databaser med tenesteinformasjon.

Å vere generalister med brei kompetanse er krevjande då det stadig er endringar i regeleverk, rutinar og retningsliner, skjemavelde osv.

Utfordringar i forhold til flyt i tidsfristar og politisk saksgang internt i organisasjonen.

11.2.1 RINGSTAD SKULE

Kort skildring av verksemda:

Ringstad skule er ein barneskule med 243 elevar pr 01.10.21. 56 elevar frå 2.-4.trinn har leksehjelp og det er til saman 67 barn som nyttar SFO. Skulen har også morgen-SFO, der det er 21 born. Fom 01.01.2021 vart tilbod om forsterka SFO overført frå Hab/rehab til Ringstad SFO. Tilboden vart samtidig redusert frå 200% assistent + leiar til 150% assistent. Det vart ikkje overført lønsmidlar i samband med dette.

Vi har mange elevar med enkeltvedtak, mange har behov for tett oppfølging av ein vaksen heile tida, ikkje minst i friminutt. Dette skuleåret har vi 11 elevar som treng vaksenstøtte i alle undervisningstimar, 7 av dei må også ha vaksenstøtte i friminutt. Fleire har også tilbod i SFO. Dette krev mykje ressursar. Vi har eit tett og godt samarbeid med PPT, barnevern og helsetenesta.

Skule og SFO har mange ulike yrkesgrupper, fordelt på 32 pedagogar, 11 fagarbeiderar/assistentar, 2 lærlingar, 2 miljøterapeutar, 1 person i 50% merkantil stilling, 3 reinhalderar og 2 personar på arbeidstrening frå NAV. Rektor og to inspektørar har til saman 200% administrativ stilling, alle har også undervisning lagt til stillinga si. SFO-leiar har 50% administrativ stilling i tillegg til å vere på gruppe i SFO-tida. Våren -22 vil det vere fleire vikarar inne på grunn av ulike typar permisjonar og langtidssjukmeldingar.

Bygningsmassa ved Ringstad skule er ikkje tilpassa skulen slik den skal drivast i dag. Vi har mange elevar med særskilde behov. Dei treng skjerming eller mindre grupper i løpet av dagen. Vi har teke i bruk alle rom som kan brukast til klasse- og gruppeundervisning, men enkelte trinn opplever likevel at dei ikkje har tilgang på rom dei har behov for.

For dei tilsette er det også for lite areal. Skulen har eitt felles arbeidsrom der alle lærarar har for liten arbeidsplass. Dette ligg inne som avvik og har gjort det sidan haust -19. Assistentar har dette skuleåret tilgang til ca 4 arbeidsplassar.

Leiinga ved skulen deler to kontor. Inspektørane deler eit større kontor, der konfidensielle samtalar ang t.d. helse eller elevar med særskilte behov ikkje kan gjennomførast. Rektor har eit lite kontor utan moglegheit for å gjennomføre møter med meir enn ein person. Skulen har eitt møterom som må brukast av alle.

Det er gjennomført teknisk tilstandsrapport og funksjonsanalyse på skulen. Dette vil bli presentert for kommunestyret.

Vi har helsesjukepleiar tilstades på skulen heile veka, noko det er stort behov for og som vi set stor pris på. Ho har tilgang på eitt kontor, men har ikkje tilgang på vask. Logoped må bruke eit grupperom.

Bassenget på skulen var ute av drift i ca eitt år, men vart sett i gang igjen i mars -21. Drift av basseng er overført til vaktmestereining, skulen har ansvar for reinhald.

Skulen har eigen Chromebook til alle elevar fom 4.trinn. 1.-3.trinn deler på to klassesett. Dei elektroniske tavlene på skulen er i ferd med å bli skifta ut. Elektroniske tavler er eit nødvendig og viktig hjelpemiddel, ikkje minst med tanke på innføring av den nye læreplanen.

	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	46	53	52	55	53	
Antall årsverk	39	43,8	47,6	49,1	48,1	

Kommentar til årsverk: For 2021 vart 1,5 årsverk overført til Ringstad skule frå Hab/rehab.

Premiss for budsjettet 2022

Budsjettet skal stette ei forsvarleg undervisning for elevane i på barnetrinnet i Stranda etter dei behova som er vurdert for dette.

Tal på enkeltvedtak/saker

Ringstad skule har enkeltvedtak på 26 elevar, timetal varierar mellom 6 og 28. For dei elevane som er avhengig av 100% oppfølging både i timer og friminutt, brukar skulen totalt 288 undervisningstimar pr veke + tilsyn i friminutt. For dei 11 elevane dette gjeld, utgjer dette ca 5 stillingar med pedagogisk personale og 5 stillingar fagarbeider.

Tal på elevar

	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Elevar	267	264	240	243	235 ?	
Minoritetsspråklege	15	15	9	19		
SFO	85	81	63	67		

Tal på elevar med særskilt opplæring i norsk har auka. Skulen har mange elevar frå heimar som ikkje har norsk som dagleg språk, og vi ser at også desse elevane må ha noko meir grunnleggande norskopplæring. Undervisninga blir gitt i grupper, og vi håpar at denne innsatsen kan føre til færre elevar med enkeltvedtak på spesialundervinig seinare.Tal på elevar som nyttar SFO er inkludert elevar på forsterka SFO.

Ressursinnsats

2010	RINGSTAD SKULE	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	32 318 000	31 717 000	32 304 000	32 515 000	32 515 000	32 515 000
	Kjøp inngår i tj prod	2 079 000	1 942 000	1 264 000	1 264 000	1 264 000	1 264 000
	Kjøp erstatter tj prod	519 000	10 000	60 000	60 000	60 000	60 000
	Overføringer fra komm	394 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	-1 263 000	-1 626 000	-1 467 000	-1 467 000	-1 467 000	-1 467 000
	Refusjoner	-3 027 000	-408 000	-1 070 000	-800 000	-800 000	-800 000
	Overføringer til komm	0	-450 000	-586 000	-586 000	-586 000	-586 000
	Finansinntekter	-92 000	0	-54 000	0	0	0
	Sum	30 928 000	31 185 000	30 450 000	30 985 000	30 985 000	30 985 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Tidleg innsats er viktig. Vi har gått vekk frå tradisjonell klassedeling på 1. og 2.trinn, og deler trinna inn i ulike grupper i staden. Slik blir elevane trygge på alle vaksne på trinnet, og ein vil lettare fange opp og styre vaksenressurs dit det er behov. For 2. trinn ser vi at dette fungerar slik vi ynskjer.

Trinnet starta 1.trinn med 4 pedagogar og assistent i 75 % stilling + fleire timer med miljøterapeut. Med trygge elevar og god organisering fungerer trinnet no med 3 pedagogar og assistent i 25%.

Vi ser at å gi tilpassa undervisning gjennom å dele trinn i mindre grupper gir stor gevinst for mange av elevane, også på høgare trinn. Dette vil kunne redusere tal på enkeltvedtak.

Vi har likevel mange elevar som krev tett oppfølging 1-1, og brukar mykje ressurs på å følgje opp dette. Vi har svært mange minoritetsspråklege elevar, og ser eit stort behov for betre fagleg oppfølging av desse elevane.

SFO: Ved overføring av 150% stilling frå Hab/rehab følgde det ikkje med lønsmidlar. Tal på barn som har behov for forsterka SFO går etter det vi veit ned fom haust –21, og vi vil derfor redusere stilling på SFO med inntil 100%.

Generelt: Haust-22 vil vi etter det vi veit no ha færre elevar som treng 1-1 ressurs. For å imøtekome krav om innsparing i budsjett, men likevel ikkje gå på akkord med elevane sine rettar til tilpassing eller spesialundervisning, vil vi frå hausten –22 ikkje leige inn vikar på varsla langtidspermisjonar.

Mål for verksemda 2022

Mål 1	Implementere ny læreplan og sikre aktive årsplanar på alle fag og trinn. Implementere ny rammeplan for SFO.
Mål 2	Gode rutiner som sikrar eit trygt og godt arbeidsmiljø for både elevar og tilsette.
Mål 3	Gjere uteområdet vårt tryggare og trivelegare.

Tiltak for å nå måla:

- Bruke fellestid for å evaluere og forbedre årsplanar vi har lagt for skule og SFO.
- Lage gode rutiner og sikre at alle tilsette har nok informasjon og opplæring for arbeidet dei skal utføre.
- Samarbeide med FAU og vaktmeistertenesta, og gjennom m.a. dugnad oppgradere området.

Nye tiltak innanfor ramme:

- Innkjøp læremiddel, oppdaterte læreverk i fleire fag og lisensar på digitale ressursar.

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

- Oppgradering og sikring av uteområdet.

Utfordringar:

Bygg:

- Generelt nedslitt og til dels lite funksjonell bygningsmasse . Sjå tilstandsrapport for bygg.
- For få grupperom
- For lite areal på arbeidsrom
- For liten kontor plass til administrasjon/leiing

Personale

8. Ha nok kvalifisert personale for å hjelpe elevane med dei ulike utfordringane dei møter i skulekvardagen.

11.2.2 SUNNYLVEN SKULE

Kort skildring av verksemda: Sunnylven skule er ein 1-10 skule med 63 elevar dette skuleåret. Skulen har og SFO-ordning som er open på ettermiddagar fem dagar i veka. For elevar i 1.-4. kl tilbyr vi leksehjelp.

Elevane er delt i tre hovudsteg, 1.-4. kl, 5.-7. kl og 8.-10 kl. Det meste av undervisninga foregår i samanhaldne klasser. Undervisningspersonalet på kvart steg arbeider i team, leia av ein teamleiar. Administrasjonsressursen ved skulen er 100 %. Av dei tilsette er det tre som utfører reinhaldsarbeid ved skulen i tilSAMAN 145,7% stilling. Ved Sfo-ordninga er det 36,8 % stilling og til skuleassistent er det 35 % stilling.

Utgangspunktet for arbeidet med budsjett har vore ramma for 2021 med forventa endringar i lønspostane for 2022.

Bemanning	2018	2019	2020	2021 Budsj.	B2022	Ø2023
Antall tilsette	21	21	20	20	19	18
Antall årsverk	13,94	13,96	13,69	13,79	*14,20	13,0

*Reelt 13,08. Tre tilsett i statleg etterutdanningsprogramm i tilSAMAN 112,5 % stilling.

Premisser for budsjettet 2021. Budsjettet skal stetta ei forsvarleg undervisning for elevane i Grunnskulen i Sunnylven etter dei behova som er vurdert for dette.

**Tal på enkeltvedtak/saker (dette gjeld for barnehage og skule)
(ant stillingar som går til enkeltvedtak)**

	2018	2019	2020	2021	B2022	Ø2023
Spesialundervisning	1,55	1,60	0,87	0,76	0,76	0,54
Norskopplæring	0,23	0,23	0,29	0,29	0,29	0

Tal på elevar

	2018	2019	2020	2021	B2022	Ø2023
Elevar/plassar	68	62	60	63	62	60
Minoritetsspråklege	1	1	1	1	0	0
SFO	17	12	11	5	8	8

Ressursinnsats

2020	SUNNYLVEN SKULE	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	9 441 000	9 359 000	10 108 000	10 108 000	10 108 000	10 108 000
	Kjøp inngår i tj prod	1 311 000	1 178 000	488 000	488 000	488 000	488 000
	Kjøp erstatter tj prod	68 000	125 000	177 000	177 000	177 000	177 000
	Overføringer fra komm	271 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	459 000	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	-155 000	-156 000	-131 000	-131 000	-131 000	-131 000
	Refusjoner	-1 185 000	-282 000	-741 000	-741 000	-741 000	-741 000
	Overføringer til komm	-28 000	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	-864 000	0	-27 000	0	0	0
	Sum	9 318 000	10 224 000	9 873 000	9 900 000	9 900 000	9 900 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar: Sju nye elevar frå andre kommuner gjer at ein har fått ein auke i elevtalet, sjølv om fleire elevar gjekk ut av 10. klasse i vår enn det starta i 1. kl i haust. Vi har klart oss bra i midlertidige lokale gjennom rehabiliteringsperioden og Covid -19, sjølv om arbeidspress , kommunikasjon og organisering har vore krevjande. Vi gler oss difor stort til igjen å vere samla både elevar og personale i rehabilert skulebygning. Dette vil lette den daglege drifta monaleg og gje elevar og tilsette eit arbeidsmiljø dei fortener. Vi har siste åra klart å rekruttere naudsynt med personale. I tillegg har fleire i kollegiet nytta seg av dei statlege initierte vidareutdanningsordningane. Dette gjer at vi har eit kollegiet med god fagleg kompetanse, sjølv om nokre tilsette skulle hatt eit fag til for å ha optimal fleksibilitet i personalet.

I arbeidet med budsjett er ein nøktern i forhold til forventa drift. Dei siste åra har det ikkje vore nokon endringar i andre driftspostar enn lønskostnader. Ein må forvente at nokre av desse postane må justerast opp i åra frametter. Dette er avgjerande for å kunne fullføre innføringa av Fagfornyinga. Spesielt gjeld dette postane for inventar og utstyr, lærebøker og pedagogisk IT/programvare.

Mål for verksemda 2022

Mål 1	Å vidareutvikle årsplanar i høve Fagfornyinga på trinna 1-10 dette skuleåret og arbeide med vurderingspraksisen sett i lys av dei nye læreplanane.
Mål 2	Å ta i bruk og erfare bruken av ny-rehabilert skulebygning slik at ein nytte potensialet denne gjev til ei betre undervisning for elevane. Starte arbeidet med plan for uteområde.

Mål 3	Samla sett ligge på landsgjennomsnittet eller høgare på dei ulike nasjonale prøvene og avgangskarakterar for 10. kl for dei tre siste åra.
-------	--

Tiltak for å nå måla:

1. - Innføring av ny læreplan: Nyte potensialet som ligg i lærarane si møtetid og arbeidstid til å vidareutvikle nye årspelanar og arbeide med undervegs- og sluttvurdering i faga.
2. Å ta i bruk og erfare bruken av ny-rehabilitert skulebygning slik at ein nytte potensialet dette gjev for ei betre undervisning av elevane: Utarbeide rutiner og gjere seg erfaringar i dagleg drift slik at ein får utnytta klasse- gruppe og spesialrom på ein best mogleg måte. Opplæring i brannalarmanlegg, låsesystem, reinhaldsrutiner og romplanar.
3. Resultat: Bruke resultat til vurdering av undervisning og undervisningspraksis på alle steg.

Nye tiltak innanfor ramme:

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

Utfordringar: Ein prøvar så langt råd er å drive ein effektiv og ressurssparande skule. Det er ein «hårfin» balanse mellom ressursar som blir brukt i ordinær undervisning og tilpassingar som vi gjer. Vert ressurstilgangen noko mindre kan konsekvensen raskt bli auke i ressursar til spesialundervisning. Å drive på eit knappt budsjett kan vere utfordrande dersom det oppstår behov for spesialundervisning i løpet av eit budsjettår.

Vi har no gjennomført det som ser ut til å bli ei vellukka rehabilitering av skulen. Uteområdet har ikkje vore ein del av dette arbeidet. Det er naturleg at elevar, tilsette og rådsorgana ved skulen arbeider vidare med planar for ei oppgradering her. Spesielt gjeld dette område for av- og påstigning for skuleelevane og ei inngjerding av skuleområdet mot campingplass/veg til Cruisekaia.

11.2.3 GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE 2021

Kort skildring av verksemda:

Verksemda består av skule, barnehage og SFO. Skulen er ein kombinert barne-og ungdomsskule. Barnetrinnet er todelt med til saman 17 elevar dette skuleåret.

Ungdomstrinnet er udelt med 4 elevar.

9 av 10 elevar i 1-4 klasse har plass i SFO.

Barnehagen har ei avdeling, 18 plassar. Avdelinga er no bemanna for 12 plassar, basert på søkeratal siste år. Pr i dag er der 9 barn som utgjer 12 plassar.

Skulen og barnehagen har felles uteområde, gymsal og personalavdeling. I tillegg til bygningane inne på området, disponerer eininga også areal til formingsavdeling i bygninga til Geiranger Omsorgssenter.

Bemanning	2018	2019	2020	2021 Budsj.	B2022	Ø2023
Antall tilsette	15	12	12/12	12	13	13
Antall årsverk	10,3/9,6*	9,6	9,1/8,9	8,9	9,9	9,9

Premisser for budsjettet 2022

**Tal på enkeltvedtak/saker (dette gjeld for barnehage og skule)
(ant stillingar som går til enkeltvedtak)**

	2018	2019	2020	B2021	B2022
Spesialundervisning	1 sak 0,1 stilling				
Norskopplæring	Ingen	Ingen	Ingen	1 elev	1 elev

Tal på elevar/barnehagebarn

	2018	2019	2020	B2021	B2022
Elevar/plassar	8 plassar/ 21 elevar	7 plassar/ 20 elevar	7 barn/11 pl 20 elev	9 barn/12 p 21 elevar	13 barn/16 pl
Minoritetsspråklege	Ingen	Ingen	4 fleirspråkl i bhg	7 fleirspr i bhg 1 elev fr.språk	11 fleirsp i bhg 1 elev fr.sp
SFO	11 elevar	11 elevar	8 elevar	9 elevar	5 elevar

Ressursinnsats

2030	GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Lønn og sosiale utg	5 605 000	5 871 000	6 351 000	6 351 000	6 351 000	6 351 000	6 351 000
Kjøp inngår i tj prod	461 000	625 000	625 000	625 000	625 000	625 000	625 000
Kjøp erstatter tj prod	26 000	33 000	33 000	33 000	33 000	33 000	33 000
Overføringer fra komm	100 000	0	0	0	0	0	0
Finansutgifter	0	0	0	0	0	0	0
Salgsinntekter	-311 000	-362 000	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Refusjoner	-412 000	0	0	0	0	0	0
Overføringer til komm	0	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter	-92 000	0	-200 000	0	0	0	0
Sum	5 378 000	6 167 000	6 309 000	6 509 000	6 509 000	6 509 000	6 509 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Talet på barn i barnehage er aukande. Antal plassar i bruk frå august -21 er 12, men vi forventer 2 søkarar frå januar. Ingen går over i skulen haust -22 og fødselstal i -21 tilseier 2-3 nye søkarar frå august. Grunnbemanning er pr i dag 2 stillingar a 100 % (pedleiar + fagarbeidar) + ei deltidsstilling for å dekke inn pauseavløysing. Styrarfunksjon er no lagt på einingsleiar. Ei 100 % stilling er lagt inn frå august. Dette må til for å kunne ta inn fleire barn frå august.

For skulen er elevtal og antal stillingar stabilt frå i fjar. Det same antal stillingar er lagt inn for 2021-2022. Elevtalet uendra.

Mål for verksemda 2022

Mål 1	Innarbeide fagfornyinga i planverk og i vår daglege praksis.
Mål 2	Behalde stillingane vi har. Få kvalifisert personale til evt ledige stillingar.
Mål 3	Gjennomføre nødvendige vedlikehaldsoppgaver.

Tiltak for å nå måla:**1. Innarbeide fagfornyinga i planverk og i vår daglege praksis.**

- *Kompetansetiltak
- *Lærebøker og andre læremiddel
- *God organisering av arbeidstid

2. Behalde stillingane vi har. Få kvalifisert personale til evt ledige stillingar.

- *Budsjettmidlar til å oppretthalde stillingane
- *Tidleg utlysing/hjelp til å finne bolig

3. Gjennomføre nødvendige vedlikehaldsoppgaver.

- *Budsjettmidlar til vedlikehald og investeringsmidlar til større prosjekt
- *Behalde/auke vaktmesterressurs

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

- *Vedlikehald som t.d oppussing garderobe barnehage, nytt kjøkken barnehage
- *Skifte av vindu. (Gjeld heile bygget)

Utfordringar:

Vår største utfordring er å få tilsett nok personale. Vi får omtrent ikkje søkerar til ledige stillingar. Det verkar som mange nyutdanna søker seg til arbeidsplassar med større fagleg miljø enn det vi kan tilby.

Nok arbeidskraft er generelt eit problem i bygda. Dette gjer at det er vanskeleg å knyte til seg faste vikarar. Dei siste åra har vi hatt langtidssjukmeldingar kvart år og vikarsituasjonen har vore krevande.

Bygningane og uteområdet vil vere ei stor utfordring i åra som kjem.

Bygningane er frå 1970/1996. Mange år med minimalt vedlikehald merkast godt. Vi har fått gjort ein del vedlikehald dei siste åra på driftsbudsjettet (golvbelegg, varmeomnar,fornying av skulekjøkken,ny port). Vi har ikkje hatt investeringsmidlar på mange år. Det som snart bør stå for tur er utskifting av vindauge og oppussing av garderobe bhg.

11.2.5 HELSTAD BARNEHAGE

Kort skildring av verksemda: Helstad barnehage ligg ca. 2 minutt frå Svemorka industriområde. Barnehagen vart bygd til skulen i 1994. Barnehagen har eit stort uteområdet og heile bygget til eige bruk. Barnehagen har 48-52 plassar fordelt på barn frå 10 mnd -6 år. Barnegruppa er delt inn i to avdelingar, ei småbarnsavdeling Raudrevane og ei storbarnsavdeling Blårevane. Vi på Helstad legg vår flid i arbeidet som profesjonelle vaksne, med fokus på å gjere Helstad barnehage til ein best mogleg barnehage for barn, foreldre, tilsette og miljøet rundt oss. Vi følgjer dei krav og tenestene som kommunen og Barnehagelova har pålagt oss. Opningstid 06.45-16.15 måndag-fredag

Bemanning	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	8	10	10	11	12	12
Antall årsverk	6,9	7,55	8,25	8,85	9,5	9,5

Premisser for budsjettet 2022

Barnehagelova, den seier noko om norm for pedagogisk bemanning, §18 gir føringer for grunnbemanning i barnehagen, § 12 a Rett til bhg plass, § 13 prioritet ved opptak og avtalen sfs 2201, leder i full adm. stilling ved godkjent antall plasser over 42.

Tal på enkeltvedtak/saker (dette gjeld for barnehage og skule) (ant stillingar som går til enkeltvedtak)

	2018	2019	2020	B2021	B2022
Spesialundervisning	-	-	-	-	-
Norskopplæring	-	-	-	-	-

Tal på barnehageplassar

	2018	2019	2020	B2021	B2022
Bhg.plassar	42	42	42	48	52
Minoritetsspråklege	8	9	10	8	9

Ressursinnsats

2040	LIABYGDA BARNEHAGE	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	1 721 000	1 049 000	0	0	0	0
	Kjøp inngår i tj prod	156 000	220 000	0	0	0	0
	Kjøp erstatter tj prod	0	0	0	0	0	0
	Overføringer fra komm	34 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	-149 000	-115 000	0	0	0	0
	Refusjoner	-186 000	0	0	0	0	0
	Overføringer til komm	0	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	0	0	0	0	0	0
	Sum	1 577 000	1 154 000	0	0	0	0

2050	HELSTAD BARNEHAGE	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	4 959 000	4 837 000	6 471 000	6 471 000	6 471 000	6 471 000
	Kjøp inngår i tj prod	359 000	302 000	198 000	198 000	198 000	198 000
	Kjøp erstatter tj prod	0	0	0	0	0	0
	Overføringer fra komm	74 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	-866 000	-981 000	-931 000	-931 000	-931 000	-931 000
	Refusjoner	-320 000	-45 000	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
	Overføringer til komm	0	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	0	0	-261 000	0	0	0
	Sum	4 206 000	4 113 000	4 878 000	5 139 000	5 139 000	5 139 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar: Som leiar opplever eg dyktige, samarbeidsvillig, reflekerte og løysingsorienterte medarbeidrarar. Fornøgde barn, gode tilbakemeldingar frå foreldre som igjen er gode på å «framsnakke» barnehagen vår.

I 2021 har vi jobba med medarbeiderkartlegginga og brukt punkta som vi er gode på og det vi kan bli endå betre på og laga oss ein framdriftsplan på dette. Det som kjem fram i kartlegginga er at dei tilsette trives godt og er fornøgde med arbeidsplassen sin, men kan kjenne på at dei ikkje får nok tid til å gjere arbeidsoppgåvene sine. Tilbakemelding frå brukarane er at dei er godt fornøgd med det tilbodet vi gir dei. De vil bli gjennomført ny brukerundersøking i slutten av 2021. Denne vil vi tak tak i og jobbe med i 2022.

Utfordring økonomi: Budsjett for 2022 er stramt. Vi treng nokre nye leikeapparat ute men har ikkje midlar til dette. Det har ikkje vore gjort noko investering frå kommunen si side på leikeapparat sidan før 2000. Foreldrebetaling som ligg inne er satsar per i dag. Men viss den

nye regjeringa får gjennomslag for sitt budsjett for 2022 , vil dette få store konsekvensar for økonomien og drifta til barnehagen.

Mål for verksemda 2022

Mål 1	Kunne tilby alle som har rett, barnehageplass 2022-2023
Mål 2	Faste turdagar min 4 per mnd
Mål 3	Halde sjukefråværet nede

Tiltak for å nå måla:

Barnehageplass, Følgjer Stranda Kommune sine opptaksrutiner og løpende opptak.

Tur, Sette opp faste turdagar som viser igjen i vekeplanar.

Sjukefråvær, vi jobbar kontinuerleg med sjukefråvær og har tett oppfølging av dei som er ute/sjuke. Vi har stort fokus på det å kunne vere på jobb med den friske delen av oss og trivsel på arbeidsplassen. Vi har dei siste fem åra gitt tilbud om influensavaksine som eininga betalar.

Nye tiltak innanfor ramme: Utviklingsarbeid for personalet.

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme: Skifte ut tre vindu på gamle delen av bygget. Få sett inn varmepumpe inne på småbarnsavdelinga. Asfalt på parkeringsplassen. Nytt leikehus ute.

Utfordringar: Få hjelpe til vedlikehald av bygget og stor slitasje på leikeapparat på uteområdet, har ingen økonomi til å få investert i nye leikeapparat. Problem med å få tak i vikarar ved sjukefråvær. Utfordringar med å få til møteverksemeld i opningstida.

11.2.6 STRANDA UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPLÆRING

Bemannning	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	30	30	30	28	26	26
Antall årsverk	27,1	27,1	27,1	25	23	23

Premisser for budsjettet 2022

Tal på enkeltvedtak/saker (dette gjeld for barnehage og skule)

(ant stillingar som går til enkeltvedtak)

	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Spesialundervisning	11	7	7	1,4		
Norskopplæring	3	3	2	0,5		

Tal på elevar/barnehagebarn

	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Elevar/plassar	122	120	126	124		
Minoritetsspråklege	7*	7*	5*	5*		

*Talet på elevar med vedtak om norskopplæring for minoritetsspråklege, eller vedtak om fritak for sidemål. Skulen har flere elevar med bakgrunn som minoritetsspråklege, men er på eit slikt nivå at det ikkje er naudsynt med ekstra norskopplæring.

Ressursinnsats

2060	STRANDA UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPLÆRING	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	18 944 000	18 143 000	16 915 000	15 898 000	15 898 000	15 898 000
	Kjøp inngår i tj prod	1 700 000	1 436 000	1 339 000	1 339 000	1 339 000	1 339 000
	Kjøp erstatter tj prod	0	0	0	0	0	0
	Overføringer fra komm	340 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	-176 000	-170 000	-170 000	-170 000	-170 000	-170 000
	Refusjoner	-3 722 000	-1 899 000	-1 825 000	-1 825 000	-1 825 000	-1 825 000
	Overføringer til komm	-350 000	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	-4 000	0	-54 000	0	0	0
	Sum	16 732 000	17 509 000	16 205 000	15 241 000	15 241 000	15 241 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Stranda Ungdomsskule fekk i salderingprosessen av budsjett 2020 i oppdrag å bidra til innsparing. Skulen gjorde eit nedtrekk på 1 000 000 kroner i lønnsutgifter. Det har skulen klart å halde seg til, og har også spart inn meir enn det ved ikkje å erstatte langtidssjukemeldte. Skulen hadde same nivå på budsjettet 2021, og ser ut til å gå med eit mindreforbruk også i 2021. Det er eit resultat av beinharde prioriteringar og ei reelt underdekning av lærarar ut frå budsjett.

Skulen tok over eit årskull frå Ringstad Skule der hjelpebehovet mellom elevane var ekstremt høgt. Skulen har klart å løyse det innanfor eksisterande lærartettleik, på ein mykje god måte. Bemanninga spesifikt retta mot dette kullet var på 8 årsverk i skuleåret 2019/2020 og 6,5 i skuleåret 2020/2021. Skulen har organisert spesialundervisninga, og spesielle sosialpedagogiske tiltak i ein prosjektmodell som har gitt god effekt. Samstundes har fleire av dei elevane som kom til skulen hausten 2019 gått frå å vere elevar med stor oppdekking frå lærarar og assistenter til å bli helt eller delvis ordinære elevar. Skulen tilsette ein miljøterapeut i fast stilling før skuleåret 2020/2021. Tilsettinga har vist god effekt på enkeltelevar si utvikling, og på miljøet mellom elevane i det førebyggjande arbeidet .

Stranda Ungdomsskule var den eininga innanfor oppvekst som tok det absolutt største bidraget for å få ned totalkostnadane i budsjett 2020. Det er forventa at skulen ikkje er den som igjen må ta det største nedtrekket. Det vil gjere situasjonen for elevane som har krav på lovpålagt spesialundervisning eller sosialpedagogiske tiltak veldig vanskeleg. Skulen har eit mykje godt system for oppfølging av slike elevar, og det vil øydeleggje mykje av det arbeidet neste år, og for åra som kjem å ikkje halde oppe nivået på dette tilbodet. Vår påstand er at skulen gjer eit stort bidrag til å halde slike elevar utanfor ordningar med spesialoppfølging som vil krevje mykje større økonomiske krav i andre einingar i kommunen.

Mål for verksemda 2022 (frå mål og tiltaksplan 2019 – 2022)

Hovudmål:

“Å lære meir”

Delmål:

1. Elevane skal ha god og grundig fagkunnskap i alle fag.
- Elevane skal lære seg å bruke kompetansen sin aktivt i ulike situasjoner, på skulen og i det daglege.
- Elevane skal lære seg uthald og å takle utfordringar.
- Elevane skal lære seg gode holdningar og ta samfunnsansvar.
- Foreldra skal lære seg kva skule og læring betyr i dag.
- Foreldra skal lære seg kva rolle dei har, og kva dei kan bidra med både fagleg og sosialt.
- Lærarane skal lære meir om den profesjonelle rolla og utøve godt profesjonelt skjønn.
- Lærarane skal lære seg korleis dei kan utnytte kompetansen sin som dyktige fagpersonar og pedagogar.

Tiltak for å nå måla:

Konkretisering av tiltak skuleåret 2021/2022

Læringsmiljø og pedagogisk praksis

- Kollegaobservasjon - frå hausten 2020
- 4 dagars relasjonsbyggingskurs (Mitt Val) på 8. trinn, 2 dagars kurs på 9. og 10. trinn.
- Våren 2021 og 2022 har 8. og 9. trinn aktivitetsveke mens 10. trinn har eksamen.
- Frå hausten 2020 skal Stranda Ungdomsskule vere mobilfri for elevane.
- Frå hausten 2020 skal Stranda Ungdomsskule starte eit tre-årig prosjekt for å arbeide fram "elevundervisning" der elevane sjølve skal være med å lage og framføre undervisning for kvarandre.
- Eit nytt ordens- og åtferdsreglement, med "konsekvenstrapp" for brot på reglementet. Reglementet skal vere ei tilpassing og konkretisering av ordens- og åtferdsreglementet til Stranda Kommune.
- Gjennomføre repetisjonskurs - oppfriskingskurs i klasseleiing for heile kollegiet

Pedagogisk utviklingsarbeid

- Kurs i studieteknikk/læringsstrategiar - samling og deling av pedagogiske opplegg for læringsstrategiar.
- Intensivkurs i Norsk for framandspråklege.
- Ha ein felles digital delingsarena på skulen - for års-, periodeplanar og undervisningsopplegg.
- Gjere eit systematisk arbeid på utprøving og utvikling av digitale undervisningsressursar.
- Planleggje, strukturere og beskrive bruken av spes. ped ressursar.

Skule-heim samarbeid

- 1) "Kurs" for foreldra i innhaldet i fagfornyinga, og kva rolle foreldra kan ha.
- 2) Konkretisere oppgåver og ansvar foreldra har for sine eigne born si skulefaglege utvikling.
- 3) Få etablert ein digital kommunikasjonskanal som er teneleg for foreldra.
- 4) Gjennomføre open skule for foreldre og andre i skuletida.
- 5) Få på plass ei heimeside, gjerne felles med dei andre skulane i Stranda kommune.
- 6) Vidareutvikle foreldresamtalskjemaet vi nyttar.

Organisasjonsutvikling

- Opprette eit eget spes.ped team
- Eit nytt ordens- og åtferdsreglement, med "konsekvenstrapp" for brot på reglementet. Reglementet skal vere ei tilpassing og konkretisering av ordens- og åtferdsreglementet til Stranda Kommune - felles retningsliner for praktisering.
- Forsette å organisere vikarar som i dag, slik at vi får utnytta lærarresursane og slik at elevane får kjende lærarar som vikar.

- Definere kva teknisk og digital kompetanse det er forventa at den enkelte lærar har.

Utdraget er henta frå skulen sin «Mål og tiltaksplan». Det teoretiske og erfaringsbaserte grunnlaget for måla og tiltaka ligg i denne planen. Heile planen kan ein finne på skulen sine heimesider: <https://sites.google.com/strandaskulen.no/stranda-ungdomsskule/start>

Nye tiltak innanfor ramme:

- Skulen vil redusere i talet på tilsette med to stillingar frå hausten 2022.
- Skulen vil fortsette arbeidet med å organisere undervisninga og den sosialpedagogiske oppfølginga slik at fleire elevar blir å rekne som heilt eller delvis ordinære elevar, med så lite hjelpebehov som mogleg. Skulen har som overordna mål “Å lære meir”, og det er ein innarbeida praksis at det skal vere mogleg å lære alt ein treng for å fungere godt i skulesamfunnet, også dei sosiale og emosjonelle ferdighetene, i tillegg til dei kognitive. Det er den viktigaste årsaka til at elevane på Stranda Ungdomsskule totalt sett har eit lite behov for ekstraordinære tiltak mot åtferd og utanforskap.
- Skulen vil fortsette å styre stramt når det gjeld å bruke vikar i timer der det er ei stor lærardekning. Alle elevar skal få kvalifiserte lærarar i undervisning. Det har skulen vist at den klarer gjennom stram organisering og god styring av dei tilsette sine stillingsbrøkar.

11.2.7 RINGSTAD BARNEHAGE

Kort skildring av verksemda: Barnehagen er godkjent for 80 plassar fordelt på 4,5 avdelingar. 13,8 årsverk på avdeling, 1 årsverk i adm. og 0,5 årsverk på reinhald, samt ekstra personalressurs knytt opp mot barn med spesielle behov. Vi følgjer krav og pålegg som lover og retningslinjer gir oss, jfr. blant anna Barnehagelova og Rammeplanen. Opningstid: 06.40–16.15. Feriestengt to veker i fellesferien, kartlegg behov for open barnehage første og siste veka av fellesferien.

Bemannning	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	20	20	20	20	20	20
Antall årsverk	14,8/15,1	15,1	15,1	15,3	15,3	15,3

Premisser for budsjettet 2022: Barnehagelova, § 1 og § 18, gir oss pålegg om å stette pedagog- og bemanningsnorma i barnehagane, jfr. auken i antall årsverk sidan 2018. Barnehagelova, §12a og §12, gir oss premissar for å innfri retten til barnehageplass.

**Tal på enkeltvedtak/saker (dette gjeld for barnehage og skule)
(ant stillinger som går til enkeltvedtak)**

	2019	2020	2021
Spesialundervisning	Til 31.07: 3 barn: 550 t.	Til 31.07: 2 barn: 465 t	Til 31.07: 4 barn: 955 t
	Frå 01.08: 2 barn: 465 t.	Frå 01.08: 3 barn: 898 t	Frå 01.08: 2 barn: 235 t
NB: Enkelt vedtak blir oftast tildelt for barnehageåret (01.08 – 31.07), og ikkje for kalenderåret.			
Styrkingsressurs	Til 31.07: 40%	Til 31.07: 50%	Til 31.07: 73 %
	Frå 01.08: 50%	Frå 01.08: 50%	Frå 01.08: 73 %
Norskopplæring			

Tal på elevar/barnehagebarn

	2018	2019	2020	B2021	B2022
Elevar/ plassar	65 barn/78	58 barn/78	57 barn /78	58 barn/78	60barn/80
Minioritetsspråklege	22 barn	23 barn	23 barn	23 barn	23 barn

Ressursinnsats

2110	RINGSTAD BARNEHAGE	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	9 451 000	9 662 000	10 005 000	10 005 000	10 005 000	10 005 000
	Kjøp inngår i tj prod	483 000	464 000	324 000	324 000	324 000	324 000
	Kjøp erstatter tj prod	0	0	0	0	0	0
	Overføringer fra komm	116 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	-1 543 000	-1 815 000	-1 725 000	-1 725 000	-1 725 000	-1 725 000
	Refusjoner	-727 000	-100 000	-190 000	-190 000	-190 000	-190 000
	Overføringer til komm	-68 000	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	-18 000	0	0	0	0	0
	Sum	7 694 000	8 211 000	8 414 000	8 414 000	8 414 000	8 414 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar: Vi har god søknadsmasse til barnehagen og driftar fult ut etter dei gitte rammene vi har. Mange av barna er under 3 år og skal då tellast for to plassar. Dette har ført til at det har blitt færre antall barn som fyller opp dei 80 plassane vi driftar, noko som igjen fører til lavare brukarbetaling.

Vi opplever å ha eit godt samarbeid med foreldra gjennom dagleg kontakt og gjennom formelle organ som foreldrerådet, SU (samarbeidsutvalet) og foreldresamtalar.

I Ringstad barnehage er det mange dyktige og reflekerte fagpersonar, og vi har no tilsett nok pedagogar som stettar pedagognorma etter lovverket. Medarbeidarkartlegging i 21 viser at personalet trivest, tross tilbakemelding på at "gamle fløya" av barnehagen er nedslitt.

Budsjettet for 2022 er stramt, med ganske knappe rammer. Posten for brukarbetaling kan vere noko uforutsigbar etter at retten til foreldra om å søke reduksjon trådde i kraft. Usikkert er det også om brukarbetalinga som ligg inne i vårt budsjett for 2022 vil halde om det politisk blir vedtatt at brukarbetalinga skal reduserast ved statsbudsjett for 2022.

Mål for verksemda 2021- 2022

Mål 1	Halde sjukefråveret på landsgjennomsnittet
Mål 2	Oppfylle retten til barnehageplass
Mål 3	I snitt 4 turdagar pr. mnd

Tiltak for å nå måla:

Mål 1: : Følgje retningslinjene til IA. Fokus på nærvær og følgje opp etter kvart som situasjonar oppstår. Sjukefråveret i Ringstad barnehage har siste åra vore under lands-gjennomsnittet for barnehagesektoren og under på landsbasis generelt, men har det siste året har vore stigande. Denne auken set vi bla. i samanheng med Korona og restriksjonar rundt testing og karantene for personalet. Saka følgast opp i Kvalitetsgruppa i barnehagen.

Mål 2: Følgje retningslinjer og kriteria for opptak frå lokalt – og sentralt hald.

Mål 3: Planar for faste turdagar, dokumentasjon på månadsplaner/vekeplanar etc.

Nye tiltak innanfor ramme: Utviklingsarbeid for heile personalgruppa i samarbeid med Høgskulen i Volda i regi Sunnmøre Regionråd.

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme: Behov for å pusse opp to avdelingar på «gamle-fløya» av bhg.en. Golvbelegget bør skiftast ut på “gamle fløya”. Generelt vedlikehald på ein del av leikeapparatet ute, som beising/maling og skifte av diverse bordplankar.

Utfordringar: Å få tak i sjukevitarar både ved kort-tidsfråver, men også ved langtids-fråver for å skape kontinuitet og stabilitet i organisasjonen. Å få på plass ordningar som enkelt kan hjelpe oss til å halde eit godt vedlikehald på bygninga og eit trygt uteleike området for alle. Driftsmessig er det ønske om å bygge om felleskjøkkenet slik det blir delt mellom dei to avdelingane som brukar det, på den måten får kvar avdeling bla. sine eige kjøkken og meir bruksareal.

11.2.8 SUNNYLVEN BARNEHAGE

Kort skildring av verksemda: barnehage godkjent for 42 plassar. Ligg i Ringdalsvegen på Hellesylt. Vi har ope ca 9,5 t pr dag og det er etter foreldra sitt behov. Vi er bemanna etter drifta av 42 plassar då alle plassane er i bruk.

Bemanning	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	8	10	11	11	11	11
Antall årsverk	5,75	6,97	7,87	8,07(8,67)	8,25	8,25

Premisser for budsjettet 2022

Lov om barnehager § 12a Rett til plass i barnehage: «Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i den kommunen der det er bosatt.»

Lov om barnehager § 13 Prioritet ved opptak: «Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne. Barn som det er fattet vedtak om etter lov om barnevernstjenester §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage.»

I følge Lov om barnehager § 18 Grunnbemanning: « barnehagen skal ha minst en ansatt per tre barn når barna er under tre år og en ansatt per seks barn når barna er over tre år. Barn skal regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.»

Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager, § 1 Norm for pedagogisk bemanning: « Barnehagen skal ha minst en pedagogisk leder per syv barn under tre år og en pedagogisk leder per 14 barn over tre år. Ett barn til utløser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder. Barn skal regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år. Styrerens tid til administrasjon og ledelse skal ikke inngå i beregningen av normen for pedagogisk bemanning.»

SFS 2201 Barnehager, skolefritidsordninger skole og familiebarnehager 3.1.1. Styrer/leder i barnehage: En barnehage skal som regel ha styrer i hel stilling jfr HTA kap 1 §2.3, i barnehager med plass til 42 barn eller mer, skal det avsettes hel stilling til lederoppgaver.

Tal på enkeltvedtak/saker (dette gjeld for barnehage og skule)
(ant stillingar som går til enkeltvedtak)

	2018	2019		2020	B2021	B2022
		01.01.- 31.07	01.08-31.12	01.01.-31.12	01.01-31.07	
Spesialundervisning			1 sak/ 46 % stilling	1 sak/ 46 % stilling	1 sak/ 46 % stilling	0

Tildelingane følg oftast barnehageåret og ikkje kalenderåret

Tal på elevar/barnehagebarn

	2018	2019	2020	B2021	B2022
Elevar/plassar	21 barn	26 barn	29 barn	30 barn	24 barn
Minoritetsspråklege	1	1	1	1	1

Ressursinnsats

2120	SUNNYLVEN BARNEHAGE	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	4 521 000	4 915 000	5 108 000	5 108 000	5 108 000	5 108 000
	Kjøp inngår i tj prod	233 000	213 000	112 000	112 000	112 000	112 000
	Kjøp erstatter tj prod	0	0	0	0	0	0
	Overføringer fra komm	43 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	-747 000	-884 000	-828 000	-828 000	-828 000	-828 000
	Refusjoner	-217 000	-35 000	0	0	0	0
	Overføringer til komm	0	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	-163 000	0	-200 000	0	0	0
	Sum	3 669 000	4 209 000	4 192 000	4 392 000	4 392 000	4 392 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Positiv auke i barnetalet i barnehagen, men vi ser at frå august 2022 vil talet på barn gå noko ned då vi sender mange til skulen og dei som er nye søkarar er færre sjølv om dei tel for to plassar. Vi har no tilsett barnehagelærarar med godkjent utdanning i faste stillingar og har to barnehagelærarar på dispensasjon, men dei har begge almennlærarutdanning. Vi har to mannlige barnehagelærarar tilsett, noko som er positivt for både barn, foreldre og kollegaer. Vi fekk auke i bemanninga for 2021 då søkerne til barnehageplass vart større enn antatt.

Slitasjen på utearealet er merkbar etter vel 20 års drift og dette er innmeldt til vaktmestertenesta for oppgradering/drenering av vatn m.m. Uteleikeapparata er også slitne og her er det foreldre/gåver frå organisasjonar som i stor grad har vore bidragsytarar, så mange kommunale kroner har vore sparte her gjennom åra.

Budsjettet for 2022 er stramt og gir ikkje rom for noko avvik. Uroa mi er knytta til posten brukarbetaling då signal i statsbudsjettet er gitt om at den nye regjeringa vil senke foreldrebetalinga. Dette vil slå negativt ut for oss, samt at det er uforutsigbart med kor mange som får innvilga redusert foreldrebetaling etter den nyaste retten til det.

Mål for verksemda 2021- 2022

Mål 1	Å framleis halde sjukefråveret så lavt som muleg, og under landssnittet
Mål 2	Å gi eit pedagogisk tilbod som gir barna nye opplevelingar ved å kome seg utanfor barnehageområdet minst 4 gongar i månaden
Mål 3	Utvikle barnehagepersonalet sin kunnskap og bevisstgjering via å jobbe med temaet Livsmestring og robuste barn

Tiltak for å nå måla:

- IA avtalen der det er fokus på reduksjon av sjukefråveret og forebygging av arbeidsmiljø særleg i barnehagesektoren. Arbeide med å skape eit godt arbeidsmiljø der vi alle har forståing for forpliktingane og godene vi har, arbeide med resultata av medarbeiterundersøkinga (gjort i okt 2020) og vere bevisst på ergonomi i kvardagen. Opplæring/oppfrisking i ergonomi blir i januar-22
- Tidfeste turdagar i vekeplanar, gjennomføre og evaluere desse
- Bruke eksterne og lokale ressursar og arbeide med dette i plantid ,plandagar m.m.

Nye tiltak innanfor ramme:

Utviklingsarbeid for alle i personalgruppa i samarbeid med Høgskulen i Volda, i regi av Sunnmøre Regionråd.

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

Utbedring av uteleikeapparat arealet då der er slitasje og naturkrefte har påvirka så resultatet er slitne leiker, behov for utskifting av delar og oppfrisking. Behov for oppussing av veggar inne så romma vert lysare.

Utfordringar:

Som tidlegare år er det å finne stabile sjukevikarar når det er behov for det, heldigvis har styrar full administrasjon som er lovfesta så ein kan nytte noko der ved behov. Ved langtidsfråver er det utfordrande då ein ikkje kan belaste administrasjonsdelen fast.

Rammeplanen set krav om planlegging og evaluering av det vi skal gjennomføre saman med barna, men i kvardegen kan ein ikkje la 30 barn vere med 3-4 vaksne når ein skal gjennomføre avdelingsmøter så ein skulle kunne ha hatt avdelingsmøter utanom arbeidstida.

11.2.9 PPT

Kort skildring av verksemda:

PP-tenesta er heimla i Barnehagelova § 19 og Opplæringslova § 5.6 som kommunen si rådgjevingsteneste og sakkunnig instans i opplæringsspørsmål. Tenesta gir systemretta støtte til barnehagar og skuler i form av råd og rettleiing om pedagogisk leiing, gruppeleiing, læringsmiljø og spesialpedagogiske didaktiske spørsmål, knytt til brukarar i alder frå barn i førskulealder til vaksne med rett til grunnskuleopplæring. Tenesta har ikkje mandat til å utføre behandling.

Møre og Romsdal Fylkeskommune har avtale med Stranda kommune om kjøp av tenester for oppfølging av saker på dei to vidaregåande skulane som ligg på Stranda. Stranda PPT arbeidar tverrfagleg ved å samarbeide med dei andre lokale hjelpetenestene. I tillegg samarbeider Stranda PPT med Statped og spesialisthelsetenestene ved sjukehuset i Ålesund.

Bemanning	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	4	4	4	4	3	
Antall årsverk	2,85	2,85	2,85	2,85		

Premisser for budsjettet 2022

Saker

	2018	2019	2020
Nye saker	38	42	36
Avslutta saker	9	7	4
Systemsaker	16	10	4
Avslutta saker	128	163	196

Ressursinnsats

2200	PP-KONTORET	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	2 414 000	2 479 000	2 491 000	2 440 000	2 440 000	2 440 000
	Kjøp inngår i tj prod	394 000	381 000	635 000	635 000	635 000	635 000
	Kjøp erstatter tj prod	0	0	0	0	0	0
	Overføringer fra komm	47 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	500 000	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	0	0	0	0	0	0
	Refusjoner	-655 000	-517 000	-587 000	-587 000	-587 000	-587 000
	Overføringer til komm	-500 000	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	-329 000	-361 000	-314 000	-314 000	-314 000	-314 000
	Sum	1 872 000	1 982 000	2 225 000	2 175 000	2 175 000	2 175 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Stranda PPT tek utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet sin vegledar for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Faste prosedyrar for dei ulike oppgåvene skal sikre god arbeidsflyt og kvalitet i tenesta. I tillegg til arbeid med å kartlegge enkelt barn sine behov, har PPT gjennomført tiltak for kompetanseheving i form av kurs og rettleiing til dei tilsette i barnehagar og skuler.

Undersøking knytt til ungdomslos-prosjektet viser at ein møter større og meir komplekse utfordringar i læringsmiljøa. Dette er ei utfordring som krev mykje av både støttetenestene og personalet som møter barna. Stranda kommune bruker prosjektmidlar til å drifta tilbodet Ungdomslos som arbeide tverrfagleg for støtte eleven, familien og personalet på skulane. Opplæringslova krev at skuleigar skal komme denne utviklinga i møte, og at PP-tenesta i større omfang skal jobbe systemisk saman med skulane for å finne gode løysingar på utfordringane.

Stranda PPT arbeidar tverrfagleg ved å samarbeide med dei andre lokale støttetenestene. Dette arbeidet er organisert etter samarbeidsmodellen BTI, betre tverrfagleg innsats. I tillegg samarbeider Stranda PPT med Statped og spesialisthelsetenestene ved Åleund sjukehuset; BUP og HABU.

Mål for verksemda 2022

Utdanningsdirektoratet har sett følgjande kvalitetskriterium for PP-tenesta:

- PPT skal være tilgjengeleg og bidra til heilheit og samanheng.
- PPT skal arbeide førebyggjande
- PPT skal bidra til tidleg innsats i barnehagar og skular
- PPT skal utarbeide sakkunnige vurderingar som er grunnlag for vedtak om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, eller om det skal bli satt inn tiltak innanfor ramma av tilpassa opplæring.

Tiltak for å nå måla:

Oppdatert kompetanse for dei tilsette i PPT er eit viktig tiltak for å sikre ei fagleg kompetent teneste, og Stranda PPT har siste året nytta Statped sine e-læringstilbod. I tillegg er Utdanningsdirektoratet sitt tilbod om vidareutdanning ein viktig faktor for å sikre at tenesta har tilstrekkeleg kompetanse.

Ei tverrfagleg tilnærming i arbeidet med å førebyggje og støtte barnehagane og skule i arbeidet med å sikre gode oppvekstvilkår vil vere eit verkemiddel for å nå måla.

Nye tiltak innanfor ramme:

Hausten 2020 tok tenesta i bruk nytt fagsystem med fullelektronisk arkivløysing og digital posthandtering, arbeid med å tilpassing av interne arbeidsprosedyrar held fram.

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

- Auka stilling i PPT med minimum 65 %

Utviklinga siste år viser at Stranda PPT ikkje klarar å holde saksbehandlinga innanfor føringane frå Utdanningsdirektoratet, som er på 3 månadar. Kommuneleiinga er i samarbeid med tenesta i gang med å vurdere om ein har tilstrekkeleg grunnbemanning for å møte utfordringane. Bemanning av tenesta i Stranda kommune er lågare enn i PP-teneste i kommunar ein samanliknar seg med. Ei auke av bemanninga vil gje meir realistiske rammer for å kunne drifte tenesta slik det er venta frå Utdanningsdirektoratet. For å kunne gje ei forsvarleg teneste som er tett på utfordringane i læringsmiljøa er det er lagt inn som nytt driftstiltak ei auke av rådgjevar-ressursen med 65%. Utan ei auke i rådgjevarressursen vil ikkje tenesta kunne klare å levere eit forsvarleg tenestetilbod.

Ungdomslos-prosjektet har vist seg som nyttig og er ei god støtte til både elevar, føresette og skulane. Så langt er prosjektet finansiert med prosjektmidlar frå Buf-etat ut skuleåret 2021/2022. Med omdisponering av økonomiske midlar i oppvekstsektoren vil ein klare å drifte lostenesta ut kalenderåret 2022.

Søknad om prosjektmidlar frå Bufdir for å vidareføre funksjonen Ungdomslos vart avslått og ein har såleis ikkje midlar til å vidareføre tilboden på permanent basis. Dette er urovekkande. Kartlegging viser at det er mange unge i Stranda kommune som har behov for denne type oppfølging. Utan eit tilbod vil ungdommane stå i fare for å ikkje mestre eit opplæringsløp og står i fare for å ikkje vere deltagande i samfunnet.

Utfordringar:

Det er framleis viktig at ein i fellesskap med barnehagane og skulane har fokus på utvikling av positive og utviklande læringsmiljø. Organisering og læringsmetodar er viktige faktorar for å fremme eit godt tilpassa opplæringsstilbod innanfor eksisterande rammer.

Barn og unge som har vanskar knytt til psykisk helse er ei aukande utfordring, her har Stranda PPT i saman med dei andre lokale støttetenestene ei stor utfordring. Stranda kommune har i dag for få hjelpetiltak som ein kan bruke i dette arbeidet, ein manglar både kompetanse og stillingsheimlar for å kunne få eit tilfredsstillande tilbod.

Sidan dei lokale samarbeidsinstansane ikkje nyttta digitalt postmottak må ein framleis ha rutinar knytt til registrering av både fysisk og digital postmottak, og dei merkantile oppgåvane med postmottak og ajourhold av fysisk arkiv vil dei merkantile oppgåvane vere tilsvarende 50% stilling. Grunna oppseiling har ikkje tenesta merkantil funksjon tilsett , og det

er lagt opp til at servicekontoret tek over funksjonen. Denne endringa krev at ein får etablert gode prosedyrar for gjennomføring av dei merkantile oppgåvane.

11.3.1 STRANDA DISTRIKT

Kort skildring av verksemda:

Stranda distrikt tilbyr tenester innan pleie- og omsorg, HTF (heimeteneste for yngre brukarar med nedsett funksjonsevne) og omsorgsstønad for personar over 18 år.

Stranda omsorgssenter er lokalisert på Lånamarka i Stranda tettstad. Her finn ein sjukeheimen, Dalane og Egga omsorgsbustadar og sentralkjøkkenet. Heimetenestene og dagsenteret har basen/lokala sine på omsorgssenteret.

Solbakken omsorgsbustadar og Liabygda omsorgsbustadar hører også til Stranda distrikt, men er lokalisert høvesvis i Movegen ved Mona stadion og i Liabygda.

Til saman har Stranda distrikt 39 omsorgsbustadar og 38 sjukeheimslassar.

Av desse er 8 korttidslassar.

Fire leilegheiter på Solbakken er “stengt” grunna bygningstekniske årsaker.

Bemanning:

	2017	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	113	114	114	114	102		
Antall årsverk	92,31	104,09	104,09	104,09	103,37		

- Det er ikkje medrekna vakante helgar og vikarar

Ressursinnsats:

3010	STRANDA DISTRIKT - HEIMETENESTENE	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	10 780 000	11 285 000	12 375 000	12 375 000	12 375 000	12 375 000
	Kjøp inngår i tj prod	619 000	583 000	1 328 000	1 328 000	1 328 000	1 328 000
	Kjøp erstatter tj prod	0	0	0	0	0	0
	Overføringer fra komm	127 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	2 000	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	-1 157 000	-1 248 000	-2 091 000	-2 091 000	-2 091 000	-2 091 000
	Refusjoner	-1 304 000	-567 000	-639 000	-639 000	-639 000	-639 000
	Overføringer til komm	-2 000	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	-6 000	0	0	0	0	0
	Sum	9 059 000	10 052 000	10 973 000	10 973 000	10 973 000	10 973 000

Kommentar til drifta:

Stranda distrikt har i 2021 hatt felles einingsleiar med Sunnylven distrikt. Dette vil bli videreført som eit prøveprosjekt på to år. Vi håper med dette å skape auka samarbeid mellom distrikta og kunne dra nytte av kompetanse på tvers av distrikta.

Det har vore ei stor utfordring å rekruttere arbeidskraft i forhold til vikarar ved sjukdom og alle vakante/ ledige vakter i turnusane-spesielt på helg.

Avvikling av sommerferien med tanke på sjukepleiekompetansen var svært utfordrande ettersom ein ikkje har tilgang på vikarar som er godkjente sjukepleiarar.

Mål for verksemda:

- Sjå på struktur av eininga mtp. organisering og bemanning ifht effektivitet og kvalitet
- Fokus på å få ned sjukefråværet
- Tildele tenester på rett nivå-sikre drift og utøve tenester med god kvalitet og etter gjeldande lovverk

Tiltak for å nå måla:

- Omorganisering av drifta - rettleiing frå RO-rådgjeving
- Sikre kvalifisert personell-rett kompetanse på rett plass
- Ha fokus på tildelingspraksis av tenester
-

Ufوردriingar:

- Stort sjukefråvær ved sjukeheimen
 - Store omstillingss prosessar for brukarar og tilsette
 - Auka krav om kvalitet og fokus på rettigheiter innan pleie- og omsorgstenestene.
- Lovverk og forskrifter blir stadig endra.

11.3.2 SUNNYLVEN DISTRIKT

Kort skildring av verksemda:

Sunnylven distrikt yter teneste innan helse- og omsorgstenester. Sjukeheim, omsorgsbustader med heildøgnsbemannning, heimesjukepleie og heimehjelp.

Bemanning	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	39	38	32	32		
Antall årsverk	26,3	26,3	26,19	26,14	26,65	

Premisser for budsjettet 2022

Tal på brukarar

	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Antal	72	58*	59			
Sjukeheim KTO			5			

*Gjeld ikkje brukarar med kun hjelpemiddel som teneste.

Ressursinnsats:

3020	SUNNYLVEN DISTRIKT	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	19 013 000	18 541 000	16 396 000	16 396 000	16 396 000	16 396 000
	Kjøp inngår i tj prod	2 458 000	2 391 000	1 725 000	1 725 000	1 725 000	1 725 000
	Kjøp erstatter tj prod	3 000	20 000	10 000	10 000	10 000	10 000
	Overføringer fra komm	439 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	7 000	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	-3 794 000	-3 711 000	-4 009 000	-4 009 000	-4 009 000	-4 009 000
	Refusjoner	-3 876 000	-2 589 000	-2 463 000	-2 463 000	-2 463 000	-2 463 000
	Overføringer til komm	-7 000	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	0	0	0	0	0	0
	Sum	14 244 000	14 651 000	11 658 000	11 658 000	11 658 000	11 658 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Det er ei stor utfordring å drifta dei fem sjukeheimspllassane ved Sunnylven omsorgssenter ettersom ein ikkje har sjukepleiefagleg kompetanse fysisk tilstades. Sjukepleiar er tilgjengeleg på telefon ved Stranda omsorgssenter avd.sjukeheimen.

Vi har hatt utfordringar i forhold til sjukefråvær og avvikling av ferie ifht å skaffe vikarar. For at vi skal yte ei forsvarleg teneste har dette dessverre ført til meir arbeid for dei tilsette -noko som ofte også har resultert i bruk av overtid. I tillegg har vi pågående pandemi som også har medført større sjukefråvær då det tidlegare i år tok fleire dagar før testresultatt vart bekrefta.

Mål for verksemda 2022:

Mål 1	Redusere sjukefråværet i eininga
Mål 2	Alle tilsette gjennomføre e-læringskurs-fagleg oppdatering
Mål 3	Halde budsjett innen satte rammer

Tiltak for å nå måla:

Ad.1: Ha fokus på sjukefråvær kort/ langtid-førebygging og tilrettelegging. Skape dialog mellom tilsette og leder om kva er utfordringane i kvardagen. Bygge sos.samhald i gruppa.

Ad.2: Viktig for personalet å halde seg fagleg oppdatert/repetere-auka tilgang på kurs web-basert, gjer det mogleg for fleire å ta kurs.

Ad.3: Viktig at alle i eininga har fokus på ressursbruken ifht. personal og bruk av utstyr.

Nye tiltak innanfor ramme:

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

Det er ønske om sjukepleiar frå Stranda distrikt kan rykke ut fysisk på nattevakt ved behov om sjukepleiefagleg kompetanse på Hellesylt.

Utfordringar:

Sunnylven distrikt har utfordring med å rekruttere tilkallingsvikarar som kan arbeide ekstra på dag/kveld/helg/feriar. Det er mange vakante vakter på helg som ein må leige inn personale i.

På natt er det Stranda distrikt som har bakvakt i forhold til sjukepleiekompetanse på sjukeheimen. Dei kan ikkje rykke ut fysisk til Sunnylven distrikt- kun rettleiing pr. telefon. Ved ekstra behov for sjukepleiekompetanse ved f.eks.terminalpleie på sjukeheim eller ute i distriktet er det sjukepleiarane som allereie går i full stilling som stiller opp for Sunnylven distrikt-dette utløyser overtid. Lite tilfredsstillande teneste for bruker og tilsette sjukepleiarar.

11.3.3 GEIRANGER DISTRIKT

Kort skildring av verksemda:

Geiranger distrikt består av Geiranger Omsorgssenter med 9 leiligheter og Geiranger HBO.

Bemanning	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	10	12	12	12	10	
Antall årsverk	7,65	7,65	7,65	7,32	7,32	

Antal årsverk er inkl. vaktmester. 1 vakant nattevaktstilling. 3 vakante helgestillingar.

Premisser for budsjettet 2022:

Tal på brukarar:

	2018	2019	2020	B2021	B2022
Antal brukarar		14	15	14	
Auke/Reduksjon			+1	-1	

Ressursinnsats:

3030	GEIRANGER DISTRIKT	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	5 648 000	5 376 000	5 382 000	5 382 000	5 382 000	5 382 000
	Kjøp inngår i tj prod	684 000	735 000	870 000	870 000	870 000	870 000
	Kjøp erstatter tj prod	0	0	0	0	0	0
	Overføringer fra komm	155 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	50 000	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	-1 072 000	-1 095 000	-1 126 000	-1 126 000	-1 126 000	-1 126 000
	Refusjoner	-526 000	-70 000	0	0	0	0
	Overføringer til komm	-50 000	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	-55 000	0	0	0	0	0
	Sum	4 835 000	4 946 000	5 126 000	5 126 000	5 126 000	5 126 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Omsorgssenteret har størstedelen av året hatt fullt belegg på leilighetene, noko som gjev ei viss forutsigbarheit til drifta.

Langtidsfråvær i personalet gjev utfordringar for drifta spesielt knytt til mangel på vikarar.

Eininga driftar godt økonomisk sett. Balansen mellom å halde budsjettet og ikkje overbelaste bemanninga er krevjande. Tala seier ikkje alltid alt. Bevisstgjering av personalet, gjer at me i saman klarar å imøtekome ulike utfordringar.

Mål for verksemda 2022:

Mål 1	Halde sjukefråværet på landsgjennomsnittet.
Mål 2	Auke fagkompetansen til dei tilsette.
Mål 3	Halde budsjettet.

Tiltak for å nå måla:

- Medarbeidarsamtale, personalmøte, tilrettelegging, sjukefråværsoppfølging, gode rutine, arbeidsplanar, HMT-plan.
- Nettbaserte kurs, internundervisning, kollegastøtte, opplæring.
- God kontroll på innleige og innkjøp. Økonomirapportar. Bevisstgjering av personalet.

Nye tiltak innanfor ramme:

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

- Pålagt utbetring av heis ifht tryggleikstiltak.
- Maling av bygget utvendig.
- Nye kjøkkeninnredningar på leilegheitene.
- Nye lampar på stove, soverom og gang på leilegheitene.
- Utbetringar av kjøkken.

Utfordringar:

Vanskeleg å rekruttere sjukepleiarar. Samansette behov hjå brukarane, gjev auka behov for kompetanse ved eininga. Inga bakvaktstjeneste og lite fagpersonale gjev utfordringar og baserer seg på frivilligheit frå sjukepleiarane.

Periodevis stort vikarbehov, men lite vikrar å ta av.

Lite økonomisk rom gjev utfordringar knytt til; å imøtekome pålegg, sårt tiltrengt renovering, samt vidare satsing på framtidsretta tiltak som velferdsteknologi.

11.3.4 HABILITERING/ REHABILITERING

Kort skildring av verksemda:

Eining for Habilitering og rehabilitering yter lovpålagte heildøgns- tenester innanfor ansvar:

3040 Møregata/Fjordgården

3041 Nymarkvegen

3042 Psykiatrisk dagsenter

3043 Kommunal avlastningsbustad- Langlobøen

Målgruppa som får tenester frå eining for Habilitering og rehabilitering:

- Personar innan brukargruppene psykisk utviklingshemming, psykiatri, rus og ROP (rus og psykiatri)
- Avlastning
- Støttekontakt
- Omsorgsstønad til personar under 18 år
- Ledsagerbevis
- Koordinerande eining

Bemanning	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	39	41	50	46	43	
Antall årsverk	33,30	37,66	42,36	40,36	36	

Reduksjon i årsverk kan forklara med at ressursane som var tilknytt forsterka SFO vart overført til Ringstad skule ved årsskifte 20/21.

Hab/rehab har hatt ei 100% prosjektstilling til brukargruppa innan ROP sidan 2020. I 2021 søkte vi om auke å få auka dette med ei 100% stilling, vi fekk tildelt ei 50 % stilling i 2021. Vi har pr i dag 150% ressurs tilknytt ROP brukarar. Prosjektmidlane for dei to stillingane vil vare i 4 år. Det vert no jobba med å auke aktivitetsnivået på dagsenteret ved å gi tilbod om aktivitetar både individuelle -og

gruppe –basert aktivitet. Vi har etablert samarbeid med sosialtenesta for å sikre at ein jobbar systematisk og førebyggjande med ROP –brukarane.

I 2021 har vi fått 2 nye ressurskrevjande brukarar i Hab/rehab. Totalrammene har ikkje blitt auka, men vi har omfordelt tilgjengelege interne ressursar.

Vi har total ca 24 vedtak på støttekontakt.

Premisser for budsjettet 2022:

Omfang av tenester vert fatta etter kartlegging og registrering av funksjonsnivå. Den enkelte brukar skal få tenester med mål om å verte sjølvhjelpt i kvardagen, dette for å meistre livet på ein mest mogleg sjølvstendig måte.

Det er eit kontinuerleg arbeid å finne rett nivå på tenestetildeling til den enkelte brukar. Tenestene skal ytast i eit systematisk arbeid gjennom ein turnus. Vi har evaluert fleire enkeltvedtak i 2021 og redusert tenester til eit “rett” nivå.

Vi har evaluert og justert turnus i Nymarkvegen. Turnusen for resten av eininga er sagt opp og det skal utarbeidast ny i starten av 2022. Etter prosjekt med langvakter vart det gjennomført ei kartlegging av ønskje til den enkelte tilsette i –21. Alle dei som går langvakter i dag har eit ønskje om å fortsetje med dette. Vi vil jobbe mot at vi kan fortsetje med langvakter, men må nytte ressursane i større grad enn vi gjer i dag.

Ein brukar har gått over til eldreomsorg i 2021 og ein brukar har avslutta tenestene i Hab/Rehab.

Ambu-tenester: Vi har starta fleire nye saker der det er behov for hjelpetiltak inn i heimen. Dette omhandlar tenester som hjelp og rettleiing til brukarar og foreldre.

Vi har jobba med å samle dei ressurskrevjande brukarane for å sjå på utnyttelses grad av tenesteytinga. Det medførte at vi kunne avslutte kap 9 vedtak og som igjen medførte at krav om kompetanse til tenesteytarane vart oppheva.

Ressursinnsats

3040	MØREGATA - BUKOLLEKTIV	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	15 757 000	15 338 000	15 940 000	15 940 000	15 940 000	15 940 000
	Kjøp inngår i tj prod	362 000	375 000	520 000	520 000	520 000	520 000
	Kjøp erstatter tj prod	460 000	480 000	0	0	0	0
	Overføringer fra komm	77 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	-70 000	-23 000	-23 000	-23 000	-23 000	-23 000
	Refusjoner	-2 815 000	-4 662 000	-4 662 000	-4 662 000	-4 662 000	-4 662 000
	Overføringer til komm	-3 000	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	-28 000	0	0	0	0	0
	Sum	13 740 000	11 508 000	11 775 000	11 775 000	11 775 000	11 775 000

3041	NYMARKVEGEN	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	9 322 000	9 360 000	10 791 000	10 791 000	10 791 000	10 791 000
	Kjøp inngår i tj prod	192 000	148 000	77 000	77 000	77 000	77 000
	Kjøp erstatter tj prod	0	0	0	0	0	0
	Overføringer fra komm	41 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	-354 000	-393 000	-405 000	-405 000	-405 000	-405 000
	Refusjoner	-3 702 000	-4 148 000	-4 148 000	-4 148 000	-4 148 000	-4 148 000
	Overføringer til komm	-120 000	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	-444 000	0	0	0	0	0
	Sum	4 935 000	4 968 000	6 315 000	6 315 000	6 315 000	6 315 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Brukarane av tenester i Hab/Rehab har stor variasjon i funksjonsnivå og hjelpebehov. I Hab/Rehab skal vi gi tenester som er på "rett" nivå til den enkelte brukar. Dei tilsette skal motivere og hjelpe den enkelte til å meistre å bli mest mogleg sjølvhjelpt i kvardagen.

Tenestene vi yt i Hab/Rehab skal vere målbare og konkrete. Den enkelte skal få dei tenester dei har lovmessig krav på. Tenestene vert gitt ut frå behov og kartlegging, og ikkje ut frå diagnose.

For å utøve tenestene krev det kompetanse hos dei tilsette, miljøterapi dreier seg om kartlegging, rettleiing, oppfølging og evaluering av igangsette tiltak.

Mål for verksemda 2022:

Mål 1	Høg grad av fagleg kvalitet på tenesteytinga.
Mål 2	Tildele tenester på rett nivå

Mål 3	Redusere sjukefråværet.
-------	-------------------------

Tiltak for å nå måla:

Ad.1.

Gjennomføre gode kartleggingar og registreringar før utforming av enkeltvedtak.

Gjennomføre fagdagar med alle tilsette.

Tilsette skal holde seg fagleg oppdatert gjennom å ta kurs i NHI-portalen.

Ad.2.

Evaluere enkeltvedtak, også ressurskrevjande brukarar.

Fagleg oppfølging og vegleiing av tilsette.

Ad.3.

Tett oppfølging av tilsette ved sjukefråvær

Ta imot hjelp og vegleiing frå Avonova, Nav Arbeidslivssenter

Aktiv bruk av oppfølgingsplanar

Nye tiltak innanfor ramme:

Ambulerande tenester:

Vi ser eit auka behov for hjelp til ungdommar med diagnose som bur heime med foreldra. Behovet for hjelp omfattar gjerne vegleiing både til ungdommen og foreldra. Målet med denne tenesta er tidleg kartlegging av behov for tenester, samt forebygge skeivutvikling. Dette er ei teneste vi meina vil virke forebyggande og mogleg redusere hjelpebehovet i framtida.

Dette er eit lovkrav i helse og omsorgstenestelova.

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

Merkantil ressurs: Hab/Rehab har ikkje tildelt merkantil ressurs i eininga. Vi har mange tilsette og til dels stor utskifting av personale. Dette fører med seg mykje administrativt arbeid. Einingsleiar og fagleiarane brukar mykje ressursar på dette arbeidet, noko som medfører at andre viktige oppgåver må vike.

Utfordringar:

Det kan bli vanskeleg å oppretthalde dagens tenestenivå om dei økonomiske rammene vert for stramme. Vi driv ei teneste som er ustabile og lite forutsigbar, og ein må ofte iverksette nødvendige tiltak som kan gi auka utgifter. Dette har samanheng med at vi yt lovpålagde tenester.

11.3.5 HELSETENESTA

Kort skildring av verksemda:

Helsetenesta skal gje innbyggjarane i kommunen nødvendig helsehjelp, både førebyggande og kurativt.

Eininga omfattar:

- Helsestasjons- og skulehelseteneste
- Jordmorteneste
- Offentleg legeteneste, - miljø retta helsevern og administrasjon
- Legeteneste, fastlege og tilsynslege
- Fysioterapiteneste
- Ergoterapiteneste

Helsestasjon:

Førebyggande fysisk og psykisk helsearbeid blant born/ ungdom i alder 0 – 20 år.

Helseopplysninga til foreldre, born og ungdom. Kurs og samtalegrupper. Heimebesøk til nyfødde og til familiar med spesielle behov.

Jordmor:

Arbeidet omfattar svangerskapskontrollar, svangerskapsførebuande kurs og heimebesøk etter fødsel.

Fysio- og ergoterapi:

Kommunal fysioterapeut i 100 % stilling.

Kommunen har kommunal driftsavtale med 3 fysioterapeutar i privat praksis.

Kommunal ergoterapeut i 100 % stilling.

Arbeide med rehabilitering, habilitering, rettleiing, tilrettelegging, velferdsteknologi.

Legetenesta:

Det er 6 legar i 100% stilling, i tillegg til turnuslege i 100% stilling.

Kommuneoverlege i 50 % stilling.

Offentleg teneste.

Interkommunal legevakt med Sykkylven kommune for bygdene Hellesylt og Stranda.

For bygdelaga Liabygda og Geiranger er det vaktteneste med Ålesund interkommunale Legevakt.

Miljøretta helsevern og kommunalt smittevern:

Skal ha kontroll med ytre faktorar som kan ha innverknad på folk si helse.

Gjennomføring av vaksinering mot sesonginfluenza til innbyggjarane i kommunen.

Bemanning	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	17	18	18	20	20	
Antall årsverk	15,44	16,75	16,75	18,10		

Premisser for budsjettet 2022:

Helsetenesta er basert på følgjande lover:

- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester
- Lov om folkehelsearbeid
- Helsepersonellova
- Pasientrettighetslova.
- Samt mange retningslinjer og forskrifter.

Ressursinnsats:

3050	HELSETENESTA	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	16 432 000	16 913 000	20 137 000	20 137 000	20 137 000	20 137 000
	Kjøp inngår i tj prod	3 886 000	2 596 000	2 511 000	2 511 000	2 511 000	2 511 000
	Kjøp erstatter tj prod	4 644 000	4 280 000	6 014 000	6 014 000	6 014 000	6 014 000
	Overføringer fra komm	370 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	-7 020 000	-6 600 000	-8 400 000	-8 400 000	-8 400 000	-8 400 000
	Refusjoner	-2 272 000	-1 073 000	-1 332 000	-1 332 000	-1 332 000	-1 332 000
	Overføringer til komm	0	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	-153 000	0	-935 000	-935 000	-935 000	-935 000
	Sum	15 887 000	16 116 000	17 994 000	17 994 000	17 994 000	17 994 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Stor arbeidsbelastning på personale i helsetenesta og legekontoret spesielt, grunna ekstra arbeidsoppgåver og arbeidsbelastning med pandemien, som koronatelefon, teststasjon, smitte-sporing, vaksinering, luftvegsklinik og andre smitteverntiltak.

Fastlegane har hatt lang venteliste og mykje ekstraarbeid over tid, difor oppretta kommunen ein ny legeheimel, slik at dei ein kunne redusere listelengda til 750 personar per fastlege. Vi fekk tilsett ny fastlege i 100 % stilling, men vi har ikkje fått auka tilsvarande med hjelpepersonell. Dette er noko vi ser er nødvendig, då arbeidsbelastninga er stor.

Kommuneoverlege i 50 % stillingar på plass i samarbeid med nabokommunen.

Helsestasjonen har styrka skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom gjennom ei 100% prosjektstilling, som helsesjukepleiar. Stillinga er over 3 år og blir finansiert av midlar frå helsedirektoratet.

Ergoterapeut tilsett i 100 % fast stilling. Fysio- og ergoterapitenesta har i samarbeid med heimetenesta starta innsatsteam, som tilbyr intensiv innsats i ei tidsavgrensa periode for at ein skal kunne klare seg best mogleg i kvardagen og kunne bu heime så lenge som

mogleg.

Mål for verksemda 2022:

Mål 1	Gode legevaktstilbod i alle bygdelaga
Mål 2	Behalde fagkompetansen og sikre stabile tenester
Mål 3	Tilsette einingsleiar i 100 % stilling og dermed auke hjelpepersonell
Mål 4	Tilsette merkantilt personale ved helsestasjon i 50 % stilling
Mål 5	Oppgradere journalsystem

Tiltak for å nå måla:

- a. Samarbeid med nabokommunar / interkommunale legevakter.
- b. Legge til rette for gode arbeidsvilkår og kompetanseheving.
- c. Nok personale for å drifta tenestene.
- d. Nok personale for å drifta tenestene.
- e. Legekontoret har starta prosessen for skifte av journalsystem, då systemet vi brukar skal avviklast/konvertere til nytt system. Legekontoret er også med i ein prosess for å sjå på om det er mogleg å gå inn i Helseplattforma frå 2022, dersom det blir aktuelt for kommunen.

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

Merkantile personale ved skulehelsetenesta, hjelpepersonell/einingsleiar legekontor, oppgradering av ustyr.

Utfordringar:

Stette krava til dei auka lovpålagte oppgåvene staten gjev til kommunane.

Gode legevaktstilbod/helseberedskap til alle bygdelaga i Stranda.

Til tider stor arbeidsbelastning på personalet. Over tid samsvara ikkje arbeidsoppgåvene som skal utførast, med den administrative stillingsprosenten som einingsleiar har i dag.

11.3.6 SOSIALTENESTA

Kort skildring av verksemda:

Barnevern:

Sikre at barn og unge får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Drive førebyggande og tverrfagleg arbeid. Gi råd og rettleiing, undersøkingar, iverksette nødvendige tiltak og følgje opp. Råd, rettleiing og oppfølgjing av fosterheimar. Beredskapsvakt utanom kontortid i samarbeid med Barnevernvakta på Sunnmøre.

Psykiatri og Rusomsorg:

Sikre eit lokalt terapitilbod og aktivitets tilbod til mennesker med påbegynnande/alvorleg psykiatri og/eller rus lidingar i samarbeid med Hab/Rehab.

Innvandrar og flyktningetenesta:

Oppfølging og rettleiing av flyktningar og oppfølging av innvandrarar for ei best mogleg integrering i lokalsamfunnet.

Husbank:

Behandling av og rådgjeving av søknad av Startlån, utbetringstilskot, etableringstilskot og bu-støtte.

Frivilligsentral:

Frivilligsentralen skal fungere som møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige organisasjoner, samanslutningar og det offentlege.

Bemanning	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	11	12	12	12	13	
Antall årsverk	8,55	9,70	10,00	10,55	11,07	

Premisser for budsjettet 2022:

Oppgåver og kostnadsdekning overført frå stat til kommune innan område barnevern, psykiatri og rusomsorg – økonomisk kompensering for desse utgiftene er lagt inn i rammeoverføringane til kommunen og er ikkje øyremerka. Dette tilseier at ein må ha eit årvakent blikk på at ein må budsjettere for desse kostnadane i 2022 og vidare, om ikkje er vi ikkje i stand til å utføre krava vi har på oss.

I budsjettet for 2022 har kommuneleiinga velt å redusere ei 50% tiltaksstilling i barnevernet og i samband med nedtrekk innan helse og sosial/pleie og omsorg har ein rekna inn eit nedtrekk i psykologstilling redusert frå 100% til 50% stilling. Dette vil ha konsekvensar for kommunen innan det forebyggande og kurative arbeidet. Der er også store forventningar frå statleghald til kva kommunen skal ha som tilbod innan barnevern og psykisk-helse/rus. Det

er vanskeleg no å seie eksakte konsekvensar av nedtrekket, men det vil utan tvil ha innverknad på kva tiltak vi har å tilby våre brukarar.

Skal det kome nye busettingar innan flyktning må mottaks apparatet, skule og andre kommunale tenester dimensjonerast opp igjen til dette arbeidet, det er det ikkje i dag. Dette vil sjølv sagt då ha store økonomiske konsekvensar, som det i dag ikkje er teke høgde for i budsjettet for 2022 då vi har bygt ned tilbodet i kommunen.

Ressursinnsats:

3060	SOSIALTENESTA	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	6 044 000	7 153 000	7 267 000	7 267 000	7 267 000	7 267 000
	Kjøp inngår i tj prod	743 000	1 470 000	2 023 000	2 023 000	2 023 000	2 023 000
	Kjøp erstatter tj prod	2 551 000	2 628 000	1 710 000	1 710 000	1 710 000	1 710 000
	Overføringer fra komm	1 079 000	1 211 000	1 371 000	1 371 000	1 371 000	1 371 000
	Finansutgifter	159 000	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	0	0	0	0	0	0
	Refusjoner	-1 134 000	-735 000	0	0	0	0
	Overføringer til komm	-206 000	-612 000	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
	Finansinntekter	-548 000	0	-569 000	-569 000	-569 000	-569 000
	Sum	8 688 000	11 115 000	11 601 000	11 601 000	11 601 000	11 601 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Vi er ei «lita» eining med eit særstakt breitt ansvarsområde og difor også særstakt sårbar. Vi har i dag ei personalgruppe med god kompetanse, men vi treng stendig å tilegne oss ny kunnskap. Dette både for å gi gode tenester til våre brukarar, stette nye nasjonale krav, vere ein attraktiv arbeidsplass og behalde personell.

Siste året har vore utfordrande grunna covid19, det har vore eit krav frå statleg hald at vi til ei kvar tid skal vere tilgjengelege for våre brukarar. Våren 2021 vart kontoret delt i to og heile vårhalvåret delte vi på å vere på kontoret og på heimekontor. Vi har klart å halde oppe teneste «produksjonen», sjølv om det til tider var svært utfordrande med tanke på balansen mellom kravet til smittevern og fagleg forsvarleg.

Delar av ny barnevernlov har tredd i kraft med fleire nye krav til kommunen frå 2022, både fagleg og økonomisk. Digi barnevern fordrar at vi heng med og implementerer nye system i kommunen samt at tilsette tileignar seg ny kunnskap (vidareutdanning er eit krav frå statleg hald). Dette krev ressursar både med personale og økonomisk.

Ein ser at det er eit aukande behov for rettleiing og støtte til personalet for å behalde erfarte medarbeidarar, då belastningane over tid kan bli for store.

Utgifter til tiltak i familien innan barnevernet har stige jamt dei siste åra og utgifter utanom familie har hatt ein reduksjon. Dette fordrar at vi har tilgang på nok kompetent personell som kan undersøke og utføre tiltaka i familiene, noko som er i tråd med den nye barnevernsreforma der meir ansvar vert overført frå stat til kommune og kommunestyret får eit sjølvstendig ansvar for at barnevernet blir forvalta forsvarleg og i tråd med gjeldande regelverk.

Vi har hatt ei stabil personalgruppe i psykisk helseteam siste år, men då likevel ikkje med full kapasitet grunna sjukdom og at vi manglar psykolog. Vi har siste åra operert med vente liste, store delar av året. Vi ser at vi får brukarar i alle aldrar, men det har vore ei stor auke av unge in alderen frå 16-25 år. Dette uroar oss, då vi ser at kapasiteten i tenesta (2,80 stillingar) ikkje strekkjer til.

Sjølv om kommunen ikkje har motteke nye flyktningar dei siste åra, er arbeidet med integrering av dei som er busett ein pågåande prosess. Kapasiteten i Flyktningtenesta er redusert, vi har i dag eit minimum av personell (60% stilling) som ivaretok delar av arbeidet som ikkje ligg til andre einingar.

Mål for verksemda 2022:

Mål 1	Ny barnevernreform (Prop 73L) der kommunane får eit auka finansieringsansvar og krav til ny digital plattform, eit meir heilheitleg ansvar for hjelpetiltaka, krav til auka kompetanse, auka ansvar for fosterforeldre samt finansiering og jamlege tilstandsvurderingar om barnevernet skal rapporterast i kommunestyret. Dei fleste krava her medfører kostnader.
Mål 2	Fortsette med og tilby rettleiing av alt personell gjennom eksterne og interne tiltak.
Mål 3	Vere aktiv deltar i BTI – Betre tverrfagleg innsats – tilby opplæring og innføring av rutinar. Samarbeide om tiltaksportefølje kommunen skal tilby sine innbyggjarar.

Tiltak for å nå måla:

1. I samarbeid med dei tilsette på avdelinga utarbeide tiltaksplanar og opplæringsplanar for å stette krava til auke i kompetanse og plan for gjennomføring. Avdelinga må ha budsjettrammer for gjennomføring av ny digital plattform og opplæring.
2. Organisere intern og ekstern rettleiing gjennom grupper og kurs.

3. Vere aktiv deltarar i prosjektet BTI – Betre tverrfagleg innsats – tilby opplæring og innføring av rutinar i personalgruppa. Aktiv deltakande i tverrfagleg tiltaksportefølje i kommunen.

Nye tiltak innanfor ramme:

Nei

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

2. 50% tiltaksstilling i barnevernet.
3. 50% stilling Psykolog i psykisk helseteam.

Utfordringar:

Statlege krav på kva vi skal utføre av tiltak i kommunen har auka innan alle område som Psykiatri/Rus, Barnevern og Husbank. Stranda kommune har dei siste 10 åra ikkje bygd opp sine tenester til å kunne klare å forvalte/stette «alle» desse krava. Dette gjer at vi ikkje på alle område klarer å utføre det som vert forventa av kommunen. Dette er noko vi er heilt avhengige av at politikarane set fokus på og tek tak i.

I forslag til ny barnevernslov foreslår departementet å lovfeste eit krav om at kommunestyret sjølv skal godkjenne ein plan for arbeidet til kommunen for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem. Dette vil vere eit viktig verktøy for å sikre forplikting til og systematisk innsats for å legge til rette for heilskaplege tenester til barn og unge. Planen skal skildre overordna mål og strategiar for eit heilskapleg tenestetilbod og korleis ansvaret skal fordelast mellom tenestene.

Vi har framleis for lite kapasitet innan psykisk helseteam og vi manglar framleis kommune psykolog (som vart eit lov krav i 2020). Det er vanskeleg å seie om vi kan klare å rekruttere psykolog i 50% stilling, ein må eventuelt vurdere samarbeid om ei 100% stilling med ein annan kommune om mogleg. Vi må også i 2022 belage oss på å ha venteliste, noko som gjer at pågangen på legetenesta vil verte større.

Ny barnevernreform (Prop 73L) der kommunane får eit auka finansieringsansvar og krav til ny digital plattform, eit meir heilheitleg ansvar for hjelpetiltaka, krav til auka kompetanse, auka ansvar for fosterforeldre samt finansiering og jamlege tilstandsvurderingar om barnevernet skal rapporterast i kommunestyret. Dette vil innebere at vi i åra framover til ei kvar tid vil ha tilsette i vidareutdanning for å stette krava frå statleghald, det er difor uheldig med eit kutt på 50% tiltaksstilling, då det vil medføre større belastning på dei andre tilsette.

11.3.7 NAV

Kort skildring av verksemda:

NAV Sykkylven-Stranda har samla 17,5 årsverk der 1,5 stilling er Stranda kommune si kommunale. Det kommunale tenesteperspektivet i NAV Sykkylven-Stranda inneheld minimumsløysingar etter Lov om sosiale tenester i NAV. Det inneber: økonomisk sosialhjelp, midlertidig bustad, kvalifiseringsprogrammet, individuell plan, opplysning, råd og rettleiing. NAV Sykkylven-Stranda jobbar heilskapleg på tvers av kommunale og statlege oppgåver.

Kjerneoppgåvane til det lokale NAV kontoret er å drive oppfølging av personar som treng bistand til å behalde jobb eller til å skaffe seg jobb. Prioriterte grupper er ungdom, flyktningar og langtids arbeidsledige.

Bemanning	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	2	2	2	2	2	
Antall årsverk	1,5	1,5	1,5	3	1,5	

Ressursinnsats:

3070	NAV	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	983 000	1 071 000	1 001 000	1 001 000	1 001 000	1 001 000
	Kjøp inngår i tj prod	81 000	43 000	43 000	43 000	43 000	43 000
	Kjøp erstatter tj prod	33 000	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000
	Overføringer fra komm	736 000	951 000	951 000	951 000	951 000	951 000
	Finansutgifter	8 000	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	0	0	-140 000	-140 000	-140 000	-140 000
	Refusjoner	-35 000	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
	Overføringer til komm	0	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	0	0	0	0	0	0
	Sum	1 807 000	2 249 000	2 039 000	2 039 000	2 039 000	2 039 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Stranda kommune har over år hatt lave utgifter til sosialhjelp samanlikna med andre kommunar. I 2021 har hatt ein ytterlegare reduksjon i sosialhjelpsutbetalingane. Det har samanheng med at arbeidsløysa er lav, og at vi har hatt ekstra koronastilling og IPS stillingar som har støtta/hjelpt arbeidsledige med nedsett arbeidsevne til å kome i jobb. Det viser seg at tett oppfølging av brukarar med utfordringar er avgjerande for å lukkast å kome i arbeide og stå i arbeid over tid.

Mål for verksemda 2022:

Mål 1	Få flest mogleg i arbeide så raskt som mogleg, i så stor stilling som mogleg.
Mål 2	Å gjere brukarane våre sjølvhjelpte.
Mål 3	Sikre at brukarar som treng råd og rettleiing får det ved behov.

Tiltak for å nå måla:

Nav har mange arbeidsretts tiltak for å få brukarane i jobb (lønnstilskot, kurs, mentorer, arbeidstrening, utdanning med meir), desse er statleg finansiert. Lov om sosiale tenester er eit verkemiddel for å gjere brukarane sjølvhjelpte.

Nye tiltak innanfor ramme:

Der er ikkje rom for å gjennomføre noko tiltak innanfor eksisterande ramme. Eksisterande ramme er berre fastløn til 1,5 stilling samt sosialhjelpsutbetalingar. NAV har fått redusert ramma med kr 70 482,- i forhold til 2021 nivå. I tillegg er der ikkje budsjettet for husleige.

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

Det er lagt inn kr 5000,- til portoutgifter. NAV sender no digitalt ut post, ein blir difor belasta dette på NAV sitt budsjett. Før har dette vore sendt ut via servicekontoret.

Husleige kr 145 000,-. NAV har ikkje hatt eige budsjett på husleige, dette har vore dekt av sosialtenesta. Når ein no skal samlokalisera i Sykkylven må NAV betale husleige. I tillegg er det bestemt at NAV skal ha eit rom i Stranda som ein også må betale husleige for kr 30 000,- pr år.

Utfordringar:

NAV har ei auke i brukarar med samansette behov og utfordringar innan rus/psykiatri. Ein har hatt IPS stillingar for å følgje opp desse brukarane, dette tiltaket vert ikkje vidareført i 2022. Det er ei brukargruppe det er viktig å følgje opp og avklare mot arbeide, slik dei ikkje går eit livslangt løp på sosialhjelp. Sosialhjelpsutgifter for ein einsleg vil ila ein månad bli slik: Livsopphald kr 6250, husleige ca kr 5000 og straumutgifter på kr 1000 = total utbetaling vil då vere ca kr 12 250.

NAV Sykkylven-Stranda har i 2021 hatt 2 IPS stillingar og 1 Stilling på "korona midlar". Desse stillingane har fulgt opp fleire brukarar tett. Det har ført til at mange har kome i arbeide og aktivitet, som har ført til redusert sosialhjelpsutbetalingar. Ingen av stillingane vert vidareført i 2022, noko som vil føre til at vi ikkje greier å følgje brukarane like tett som i 2021. Kva utfallet av det blir er nokså usikkert. I tillegg har vi på statleg side hatt eit ekstraordinært høgt tiltaksbudsjett, som har gjort at det har vore mykje lettare å få brukarar med nedsett arbeidsevne i arbeide. Tiltaksbudsjettet vil også for 2022 bli redusert.

2021 har vist oss at ved å ha fleire hender til å følgje opp brukarar fører til reduserte sosialhjelpsutbetalingar. Når Stranda kommune legg opp til ein reduksjon i ramma, samtidig som vi mister viktige verkemiddel som prosjektstillingar og tiltaksbudsjett, er det stor sjanse for at NAV ikkje greier å halde seg innanfor tildelt ramme. Dei kommunale tenestene NAV yter er lovpålagte tenester.

11.4.1 KULTUR/IDRETT

Kort skildring av verksemda:

Eininga Kultur og fritid omfattar Stranda folkebibliotek m/filial i Geiranger, Stranda kulturskule, allmenn kultur og idrett, kultur- og idrettsbygg, og idrettsanlegg. Eininga har også ansvar for å administrere ungdomsrådet, og utøver rolla som barn- og unges representant. Eininga har til oppgåve å legge forholda til rette slik at innbyggjarane i kommunen får høve til å oppleve og ta del i eit større mangfald av kulturuttrykk. Administrativt har eininga tilhald i Storfjord kulturhus.

Bemanning	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	13	12	14	13	13	13
Antall årsverk	6,5	6,7	6,8	6,8	6,1	6,1

Premisser for budsjettet 2021

Tal på utlån i bibliotek:

	2018	2019	2020	B2021	B2022
Stranda	9646	7802	5643*	6500**	7000**
Hellesylt	1340	1360	1160	1200**	1300**
Geiranger	539	562	557	550**	600**

*) Nedgang pga. Covid-19. **) Estimerte tal for 2021 og 2022

Tal på elevar og timer (60min) i kulturskulen (tal frå GSI). (Tal pr. skuleår).

	2017-2018	2018-2019	2019-2020	2020-2021	2021-2022
Registrerte elevplassar (stk)	303	249	201	199	209
Elevar på venteliste (stk)	29	36	41	11	24
Musikk (timer)	1 713	1 692	1806	1638	1821
Teater (timer)	1)	-	148	121	-
Visuelle Kunstfag (timer)	-	-	-	50*	102
Dans (timer)	436	363	201	63	102
Andre kulturuttrykk (timer)	40	11	11	23	23
Sal til korps, skular og andre (timer)	633	738	667	783	821

* Kortkurs bildefag våren 2021

Ressursinnsats

4012	KULTUR - IDRETT	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	717 000	849 000	320 000	320 000	320 000	320 000
	Kjøp inngår i tj prod	710 000	726 000	638 000	638 000	638 000	638 000
	Kjøp erstatter tj prod	0	0	0	0	0	0
	Overføringer fra komm	203 000	140 000	140 000	140 000	140 000	140 000
	Finansutgifter	2 000	5 000	0	0	0	0
	Salgsinntekter	-605 000	-596 000	-550 000	-550 000	-550 000	-550 000
	Refusjoner	-290 000	0	0	0	0	0
	Overføringer til komm	-33 000	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	-2 000	0	0	0	0	0
	Sum	704 000	1 125 000	548 000	548 000	548 000	548 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Kulturskulen:

9. Svært lågt sjukefråvær.
10. Medarbeidarane har høg kompetanse og utviser kreativitet og engasjement.
11. Fokus på kompetanseheving og kompetansedeling gjennom heile året. Deltaking på Kulturskulebasert Vurdering for Læring (KulVFL).
12. Skulen har mange motiverte elevar.
13. Undervisningsgrupper i teater som vart starta opp i 2019, vart ikkje vidareført skuleåret 2021/2022 grunna låg oppslutning.
14. Det er godt samarbeidsklima mellom kulturskulen og andre skular i kommunen.
15. I kjølevatnet av korona-pandemien har kulturskulen opplevd noko reduksjon i talet på søkjrarar.
16. Ordinær drift i trass korona-pandemien.

Biblioteket:

- Opningstidene er tilpassa behovet til fleirtalet av lånarane. Open dagleg trass låg bemanning.
- Biblioteka har jamt godt besøk i opningstida. Tilbakemeldingane på sørvisen er gode.
- Folkebiblioteka skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt (jf. biblioteklova), og tilboda skal vere gratis.
- Arrangement i biblioteket er ei lovpålagt oppgåve, og ingen arrangement har blitt avlyst pga. korona-pandemien. Det er gjennomført arrangement som «Sommarles», bokpresentasjon og forfattarbesøk, og det har vore samarbeid med ulike aktørar og organisasjonar.

- Godt samarbeid med barnehagar og skuler, men med potensiale til eit større omfang.
- Jamleg kompetanseheving av tilsette i form av fagdagar og deltaking i ulike møtefora.

Strandahallen:

- Det er fortsatt noko etterslep på vedlikehald av installasjonar og utstyr. Kontroll av teknisk utstyr blir rutinemessig utført av dei aktuelle faginstansane. Det er behov for vedlikehald /utbetringar av hallen og tilknytta gangområde.
- Det er for lite ressursar til oppfølging av tilsyn, vernerunder, brannøvingar o.l.
- Noko reduserte utfordringar knytt til hærverk og rot i garderobar i skuletida samanlikna med forutgåande år.
- Frå måndag til fredag er utnyttingsgraden nær 100 % både på dag- og ettermiddagstid. Hallen hadde koronarestriksjonar i perioden januar-juni. Ordinær drift i hallen frå august.

Den daglege drifta i eininga går som forventa ut ifrå dei utfordringane som er beskrivne.

Mål for verksemda 2022

Mål 1	For biblioteket: Auka samarbeid med barnehagar og skuler, inkl. vidaregåande skuler. Gjennomføre fleire arrangement i løpet av året, gjerne i samarbeid med andre aktørar eller kommunar.
Mål 2	For allmenn kultur m/idrett: Fortsette arbeidet med å utbetre etterslep på vedlikehald i Strandahallen. Fortsatt reduksjon av hærverk og rot i garderobar. Gjennomføre brannverngjennomgang med leigetakarane.
Mål 3	For kulturskulen: Tilby eit variert og fagleg godt forankra kulturskuletilbod for alle innbyggjarane i kommunen, uavhengig av alder og føresetnadslag elles (Kulturskule for alle!). Utvikle nye tilbod i samskaping med abdre kommunale tenesteleverandørar og/eller private, og i nær dialog med brukarane (Kommune 3.0/Kulturskule 3.0). Arbeide for sterke profesjonsfellesskap mellom dei tilsette og mellom kulturskulen og andre profesjonelle samarbeidspartar.

Tiltak for å nå måla:

- **Biblioteket:**

Vidareføre dialogen med allereie samarbeidande einingar, og invitere til dialog med nye.

Aktivt søkje samarbeidspartnarar til å kunne gjennomføre arrangement for ulike målgrupper.

- **Allmenn kultur m/ idrett:**

Nytte midlar løvt over budsjett, innsats frå vaktmestetenesta og investeringsmidlar.

Tettare samarbeid med leigetakrar og brukarar av hallen.

- **Kulturskulen:**

Synleggjere kulturskulen sine tilbod i aktuelle kanalar og arenaer.

Vurdere alternative modellar for betalingssatsar og moderasjonsordningar.

Deltaking i pilotprosjekt "Kulturskule 3.0" i regi av KS og Norsk Kulturskoleråd.

Delta i utviklingsprogram KulVFL i regi av Norsk kulturskoleråd og Høgskolen i Innlandet.

Vere aktiv i etablering av profesjonelle nettverk i regionen og internt i kommunen.

Nye tiltak innanfor ramme:

Frå 2021: Deltaking i 3-årig prosjekt «Litteraturhus i Møre og Romsdal», der Bjørnsonfestivalen og Nynorsk kultursentrum lagar programturnear til biblioteka i fylket.

Frå 2022: Nytt fagsystem for biblioteka. Samordning v/ ABM-seksjonen i fylkeskommunen.

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

For 2022 er det ikkje avsett ekstra midlar i budsjettet til kompetanseheving innan digitalisering for tilsette i kulturskulen, bibliotekfagleg kompetanseheving for bibliotekar, eller leiarutdanning for einingsleiar.

Tilbod til ungdom utanom biblioteket si faste opningstid.

Etablering av eigna lokale for samla danseundervisning i kulturskulen.

Utstyr (lys/lyd) til nye undervisningsrom i nye Sunnylven skule.

Utfordringar:

Ressurssituasjonen har over tid vore utfordrande for eininga. Fleire av dei tilsette på kulturskulen og biblioteket jobbar i mindre stillingsbrøkar, noko som kan vanskeleggjere rekruttering.

Eininga opplever pågang av henvendingar der det vert etterlyst uformelle møteplassar for born og unge som ikkje er ein del av organisere aktivitetar. Møteplassar som Open hall og ungdomsklubb på

Hygge er eit positivt tiltak for ei stor gruppe ungdomar, men det kunne med fordel ha vore fleire tilbod som supplerte dette. Dette vil krevje auka ressursar til eininga.

Det er naudsynt med tilrettelegging for friluftsliv, lågterskeltilbod sett i lys av eit folkehelseperspektiv, og meir fokus på integrering av flyktningar og arbeidsinnvandrarar i kulturtilbodet. Det er behov for lokale for innandørstrening for dei ulike idrettane, og eigna lokale for å samle all danseundervisning i kulturskulen. I økonomiplanperioden 2022-2025 vil det vere behov for å legge nytt dekke på Mona stadion.

Det er ikkje lagt inn midlar til kompetanseheving innan digitalisering for tilsette i kulturskulen i 2022. Det er behov for å auke denne kompetansen for å vere betre rusta i møte med dei endringane kulturskulen møter både pga. Covid-19 men også på generelt grunnlag.

11.5.1 PLAN, MILJØ, NÆRING

Kort skildring av verksemda:

Eininga omfattar mellom anna sakshandsaming innan næring, miljø, jordbruk, skogbruk, viltforvaltning, plan, kart, oppmåling og byggesak.

Bemanning	2018	2019	2020	B2021	B2022	B2023
Antall tilsette	8*	9*	7*	8*	8*	
Antall årsverk	7,2	7,6	6,1	7,25	7,3**	

* inkl. einingsleiar delt med 6010 og 7010.

**endra stillingsprosent einingsleiar frå 25 % til 30 %. Årsverk er inkl. 0,6 stilling dekket av Fjord og Sykkylven kommunar gjeldande skogbruk.

Premisser for budsjettet 2022

Tal på saker:

	2018	2019	2020	B2021	B2022	Ø2023
Byggesaker	175	187	212	159		
Plansaker	13	12	10	10		
Dispensasjonar	46	41	49	46		
Kart/oppmåling	38	49	39	54		
Næring, jord, skog	295	233	367	312		
KNF	25	18	24	34*		
Hoppid	10	3	4	13		
Produksjons-tilskott		87	88	81		
RMP	56	53	58	58		
<i>Sjukdomsavløysing</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>1</i>	<i>0</i>		
<i>Drenering</i>	<i>17</i>	<i>4</i>	<i>7</i>	<i>7</i>		
<i>SMIL</i>	<i>21</i>	<i>22</i>	<i>22</i>	<i>12</i>		
<i>Avlingsskade</i>	<i>7</i>	<i>0</i>	<i>3</i>	<i>0</i>		
<i>Jordlovssaker</i>	<i>24</i>	<i>13</i>	<i>6</i>	<i>3</i>		
<i>Konsesjonssaker</i>	<i>5</i>	<i>5</i>	<i>2</i>	<i>4</i>		
<i>Driveplikt</i>	<i>1</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>		
<i>Buplikt</i>	<i>0</i>	<i>1</i>	<i>0</i>	<i>0</i>		
<i>Nydyrkning</i>	<i>2</i>	<i>1</i>	<i>0</i>	<i>3</i>		
<i>Skogsbilveg</i>	<i>2</i>	<i>1</i>	<i>5</i>	<i>9**</i>		
<i>NMSK/Skogfond</i>	<i>22**</i>	<i>20**</i>	<i>28**</i>	<i>25**</i>		
<i>Viltnemd</i>	<i>23</i>	<i>5</i>	<i>22</i>	<i>8</i>		
<i>Verdsarv (2020)</i>	<i>-</i>	<i>-</i>	<i>48</i>	<i>55</i>		

*Ikkje NKF i 2021. I staden Kompensasjonsmidlar til lokalt næringsliv pga. COVID-19.

**Gjeld berre sakar i Stranda kommune. Skogbruksjef har og ansvar for Fjord og Sykkylven.

Tal godkjende byggemeldingar (tal på brukseining)

	2018	2019	2020*	B2021	B2022	Ø2023
Bustad Stranda	4 (8)	2 (14)	6 (9)	5 (9)		
Bustad Hellesylt	1 (1)	0	1	1 (1)		
Bustad Liabygda	1 (1)	0	0	3 (3)		
Bustad Geiranger	1 (1)	1 (1)	0	1 (1)		
Hytte Stranda	11 (21)	19 (38)	12 (28)	15 (19)		
Hytte Fausadal	1 (1)	1 (1)	1 (1)	2 (2)		
Hytte Hellesylt	0	1 (1)	0	0		
Hytte Liabygda	1 (1)	0	0	0		
Hytte Geiranger	1 (1)	0	0	0		

*Pr. 16.10.2020

Ressursinnsats

5010	PLAN, MILJØ , NÆRING	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	4 124 000	5 303 000	5 551 000	5 551 000	5 551 000	5 551 000
	Kjøp inngår i tj prod	1 913 000	1 409 000	1 573 000	1 573 000	1 573 000	1 573 000
	Kjøp erstatter tj prod	357 000	441 000	418 000	418 000	418 000	418 000
	Overføringer fra komm	3 096 000	1 355 000	1 376 000	1 376 000	1 376 000	1 376 000
	Finansutgifter	1 808 000	43 000	69 000	69 000	69 000	69 000
	Salgsinntekter	-2 378 000	-3 453 000	-4 033 000	-4 033 000	-4 033 000	-4 033 000
	Refusjoner	-1 701 000	-579 000	-620 000	-620 000	-620 000	-620 000
	Overføringer til komm	-2 836 000	-1 360 000	-1 360 000	-1 360 000	-1 360 000	-1 360 000
	Finansinntekter	-1 323 000	0	0	0	0	0
	Sum	3 060 000	3 159 000	2 975 000	2 975 000	2 975 000	2 975 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Eininga har hatt ei vakant stilling på byggesakshandsaming i heile 2021, då ein ikkje har fått kvalifiserte søkjrarar til stillinga. Dette har ført til at ein i nokre sakar ikkje har greidd å overhalde sakhandsamingsfristar, og difor har tapt gebyr i enkelte sakar. Ein har heller ikkje hatt ressursar til å ta tak i byggesakstilsyn og oppfølging av ulovlege tiltak i særleg grad. Eininga manglar kompetanse på dette feltet, då det er nærmare knytt til juss enn byggteknisk.

Skogbruksjefen har nå ansvar for Sykkylven og Fjord kommuner i tillegg til Stranda kommune, dette starta med heilårsverknad for 2021. Stranda kommune er ansvarleg for ein del oppgåver gjeldande tilskott i verdsarvområdet, dette arbeidet låg til Fylkesmannen i M&R fram til og med 2019. Stranda må handsame saker også i Fjord kommune i dette saksfeltet, utan kompensasjon. Ingen øyremerka tilskott til arbeidet, fordelt over rammetilskott til kommunen. Gjeld om lag 50 sakar kvart år.

Jamt over er det stor aktivitet på eininga, og det er diverre nokre områder som ikkje ein har ressursar til å følgje opp i tilstrekkeleg grad. Særleg gjeld dette saker knytt miljø og forureining.

Mål for verksemda 2022

Mål 1	Innføring av økt digitalisering av byggesakhandsaminga
Mål 2	Raskare tilbakemelding under sakshandsaming, der ein forventar lang handsamingstid

Tiltak for å nå måla:

Midlar og tid for klargjering og innføring av digital byggesak.
Rutinar for utsending av tidleg svar.

Nye tiltak innafor ramme:

- Ingen

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

- Midlar til næringstiltak i tråd med vedteken Strategisk næringsplan
- Auka midlar til kommunal planlegging
- Auka bemanning miljø

Utfordringar:

Massiv utbygging, særskild på Strandafjellet, krev at eininga har kapasitet til å følgje opp også med tilsyn. Det er frå sentrale myndigheter ei forventning om at kommunar driv tilsyn i om lag 10 % av sakene knytt byggesak. For Stranda kommune vil dette utgjere om lag 15-20 tilsyn i året.

Eininga har ingen tilsette som er dedikert til fagfeltet miljø, altså oppfølging av saker knytt til mellom anna forureining.

Konsekvens ved budsjett:

Plan: Nedtrekk i ramme knytt til kommunalt planarbeid, vil føre til at kommunen ikkje kan vere pådrivar for utvikling og tilrettelegging i så stor grad som ønska. Sum totalt nedtrekk kr. 162 500,-

11.5.2 KOMMUNALTEKNIKK/BRANNVERN

Kort skildring av verksemda:

Drift og vedlikehald av kommunale vassverk og reinseanlegg for avløp, samt tilhøyrande infrastruktur. Drift og vedlikehald av kommunale vegar, grøntanlegg og parkar.
Brannførebygging og brannberedskap.

Bemanning	2018	2019	2020	2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	14 (52*)	15 (53*)	14 (52*)	16 (54*)	18** (56*)	
Antall årsverk	13,94	14,94	14,84	16,84	16,86	

* inkl. brannmannskap og einingsleiar delt med 5010 og 7010

**auke 2 stillingar brann, lagt inn i årsverk frå 2021

Premisser for budsjettet 2021

Km kommunale vegar

	2018	2019	2020	2021	B2022	Ø2023
Grus	33000	32400	32400	31900		
Asfalt	41000	41600	41600	44900		

Km kommunale leidningar

	2019	2018	2020	B2021	B2022	Ø2023
Vassleidning	91500	91500	91500	97083*		
Vassleidning eternitt	7978	7268	7268	6948*		
Avløpsleidning	57000	57000	57000	56473*		
Overvassleidning	19500	19500	19500	23213*		
Drensleidning	4500	4500	4500	6687*		

*Data henta ut frå nytt FDV-system vatn/avløp fører til detaljerte tall

Brann

	2020*	Hittil 2021
Utrykkingar totalt	49	58
<i>Unødige utrykkingar</i>	22	26
<i>Trafikkulykker</i>	8	7
<i>Brann</i>	4	3
<i>Pipebrann</i>	0	1
<i>Bilbrann</i>	1	0
<i>Gras/skogbrann</i>	0	0
<i>Brannhindrende tiltak</i>	1	1
<i>Helseoppdrag/MDVPA</i>	1	3
<i>Bistand helse</i>	4	6
<i>Akutt forureining</i>	0	0
<i>Dykkar/drukning</i>	1	0
<i>Annet</i>	7	11

*pr. 16.10.20

Ressursinnsats

6010	KOMMUNALTEKNIKK – BRANNVERN	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	15 543 000	16 743 000	15 854 000	15 854 000	15 854 000	15 854 000
	Kjøp inngår i tj prod	15 571 000	20 494 000	17 460 000	17 460 000	17 360 000	17 460 000
	Kjøp erstatter tj prod	9 925 000	9 193 000	10 246 000	10 246 000	10 246 000	10 246 000
	Overføringer fra komm	1 847 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	2 878 000	11 634 000	13 139 000	13 139 000	13 139 000	13 139 000
	Salgsinntekter	-28 521 000	-38 067 000	-35 182 000	-35 182 000	-35 182 000	-35 182 000
	Refusjoner	-3 227 000	-900 000	-977 000	-977 000	-977 000	-977 000
	Overføringer til komm	-107 000	-141 000	-141 000	-141 000	-141 000	-141 000
	Finansinntekter	-50 000	-4 445 000	-5 592 000	-5 592 000	-5 592 000	-5 592 000
	Sum	13 859 000	14 511 000	14 808 000	14 808 000	14 708 000	14 808 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Revisjonsgjennomgang på området vatn og avløp i 2021 har avdekt ein del manglande rutinar og planar ved eininga. Det har gått mykje tid til å følgje opp revisjonen sine merknadar. Har frå juni 2021 auka den administrative ressursen, men samstundes redusert den operative ressursen tilsvarande. Ein har ikkje fått prioritert overvassplan i 2021. Vi har framleis utfordringar knytt til at store mengder overvatn kjem inn i avløpsnettet ved større regnskyll.

Eininga gjekk i 2020 over til nytt FDV-system for vatn- og avløp. Dette vart for fullt innført i 2021, og har vist seg svært positivt for både administrativt tilsette, men også for dei som

jobbar ute på leidningsnett. Stort potensiale for videre effektivisering og digitalisering av tenesta.

Frå 2021 fekk vi overført ein stilling frå VAR til veg/park. Dette har vore avgjerande for arbeidet kommunen har fått gjort knytt til vegvedlikehald og parkvedlikehald. Tiltaket har redusert behov for innleige vesentleg. Fører til ei mykje meir effektiv drift av veg og park, og ein har tatt store steg i riktig retning, sjølv om etterslepet på vedlikehald ennå er stort.

Mål for verksemda 2022

Mål 1	Utvikle og effektivisere bruk av nytt FDV-system, mellom anna på sakshandsaming av sakar innan vatn og avløp
Mål 2	Utarbeide langsiktige planar for vedlikehald, beredskap m.m i samsvar med revisjonsrapport 2021.

Tiltak for å nå måla:

- Kurs og opplæring av dei tilsette.
- Sette av tid og ressursar til utvikling og planlegging av nye rutinar, og oppfølging av planarbeidet.

Nye tiltak innanfor ramme:

To nye stillinger innan brann/beredskap. Samarbeid med Fjord kommune innan brann/beredskap.

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

- Auka fokus på park/uteområde i Stranda kommune, knytt til turisme.
- Auka midlar til vedlikehald av veg

Utfordringar:

Det er i åra som kjem forventa store utbyggingar av anlegg innan vatn og avløp. Dette føljer av krav og forventningar frå mellom anna Mattilsynet, NVE og Fylkesmannen i M&R. Dette vil ikkje føre til auke i driftsbudsjettet til kommunen, men vil sjølv sagt ha innverknad på gebyra for vatn og avløp. Kommunen må oppdatere hovudplan (vedlikehaldsplanen) for både vatn og avløp i løpet av 2022.

Konsekvensar ved nedtrekk budsjett:

Vegvedlikehald/gatelys: Tiltak som er lagt inn i budsjettet er mellom anna mindre midlar til vedlikehald av veger og gatelys. Vil kunne føre til dårlegare veger, eller lengre tid til vi får

reparert skadde gatelys. Nokre gatelys vil verte mørke heile året. Sum reduksjon totalt kr. 450 000,-.

Opplæring/kurs brann: Lågare frekvens på opplæring av brannmannskap. Sum reduksjon totalt kr. 100 000,-.

Park: Ingen innleige av ekstrahjelp/summervikar på park, og ingen innkjøp av blomster. Vil føre til at kommunalt parkareal og gravplassar berre har eit minimum av vedlikehald, og ein kan ikkje garantere at alt areal vert slått kvar veke. Kan også gå ut over tømming av søppel om sommaren. Sum reduksjon totalt kr. 200 000,-.

11.5.3 VAKTMESTERTENESTE

Kort skildring av verksemda:

7010 - Vaktmestertenesta: Drift og vedlikehald av kommunale skular, barnehagar, omsorgssenter og idrettshall med tilhøyrande uteareal. I tillegg hjelper vi i stor grad med brukartenester inn i einingane.

Bemanning	2018	2019	2020	2021	B2022	Ø2023
Antall tilsette	6*	7*	7*	6*	6*	
Antall årsverk	4,3	5,3	4,8	4,45**	4,4***	

*Inkl. einingsleiar. Delt med 5010 og 6010.

** 50 % stillingsressurs knytt til hjelphemiddel overført til Helse/omsorg frå 1.1.21

*** Einingsleiar redusert frå 25 % til 20 %.

Premisser for budsjettet 2022

Ressursinnsats

7010	VAKTMESTERTENESTE	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Lønn og sosiale utg	2 827 000	3 076 000	2 736 000	2 736 000	2 736 000	2 736 000
	Kjøp inngår i tj prod	2 664 000	1 852 000	6 335 000	6 335 000	6 335 000	6 335 000
	Kjøp erstatter tj prod	290 000	150 000	270 000	270 000	270 000	270 000
	Overføringer fra komm	740 000	0	0	0	0	0
	Finansutgifter	1 035 000	0	0	0	0	0
	Salgsinntekter	0	0	0	0	0	0
	Refusjoner	-3 027 000	0	-470 000	-470 000	-470 000	-470 000
	Overføringer til komm	0	0	0	0	0	0
	Finansinntekter	0	0	0	0	0	0
	Sum	4 529 000	5 078 000	8 871 000	8 871 000	8 871 000	8 871 000

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Framleis stort etterslep på vedlikehald på dei fleste bygga. Vi har ikkje økonomi til å vedlikehalde bygg, vi driv i stor grad å reparerer det som alt er øydelagd. Dette er ofte svært mykje meir kostbart er å vedlikehalde. Vaktmestertenesta driv både med byggdrift og hjelpeknnytt til drift av einingane (brukartenester).

Mål for verksemda 2022

Mål 1	Nytte FDV-systemet til å effektivisere byggdrifta
-------	---

Mål 2	Få på plass serviceavtalar og rammeavtalar innanfor dei mest brukte fagområda
-------	---

Tiltak for å nå måla:

Midlar og tid til å arbeide med strukturere FDV-systemet FAMAC.

Lyse ut anbod knytt til service- og rammeavtalar.

Nye tiltak innanfor ramme:

Fått overført kostnader frå alle einingar knytt til straum, kommunale avgifter og diverse faste avtaler. Sum overført frå andre einingar om lag kr. 4 000 000,-.

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:

- Generell auke av midlar til vedlikehald.
- Innføring av vaktordning.
- Tilstrekkeleg med midlar til pålagte service- og kontrollavtaler.
- Utarbeiding av tilstandsanalysar av alle kommunale formålsbygg.

Utfordringar:

Dersom ein skal fortsette å yte brukartenester til einingar, må det følgje med midlar og ressursar til denne oppgåva, eller ein må legge nivået på tenesta etter budsjettet som det er i dag. Då må ein fortsette å prioritere mellom byggdrift og brukartenester. Slik ressursane er pdd. klarar vi ikkje begge deler.

Eininga arbeidar hardt med å få dei løvvde midlane til å strekke til mest mogleg, men vedlikehaldsetterslepet på fleire kommunale bygg er stort, og vaktmeistertenesta har ikkje ressursar nok til å dekke alle einingars ynskjer og behov.

Ein har ikkje vaktordning i vaktmeistertenesta. Dette betyr at det ikkje er nokon å få tak i mellom kl. 16:00 og 08:00, samt i helger og heilagdagar. Med tanke på at vi har omsorgsbygg som er avhengig av drift heile døgnet heile året, det dette uheldig. Vi har opplevd ved fleire høve at ingen har hatt moglegheit til rykke ut på ettermiddag eller kveld til for eksempel alarm om stans i varmeanlegg eller lekkasje, rett og slett fordi ingen av dei tilsette på eininga er tilgjengeleg etter normal arbeidstid.

Konsekvensar av nedtrekk budsjett:

Drifts- og serviceavtaler: reduksjon av ramme avsett til drifts- og serviceavtaler vil føre til færre faste avtaler. Kan føre til at behov for reperasjonar går opp i staden for at ein vedlikeheld det ein har. Sum nedtrekk totalt kr. 100 000,-.

Energi: Vaktmeistertenesta har gjort mange tiltak for å optimalisere energiforbruket. Samanlikna men same periode i fjar, har vi en nedgang i forbruk(temperaturkorrigert) på om

lag 13 %. Vil kunne føre til lågare energikostnader. OBS: Overgang til el-bilar vil føre til høgare straumkostnader. Sum totalt nedtrekk kr. 100 000,-.

[Vedlegg: Oversikt over mottatte søknadar om tilskot 2022](#)

Søkjær	Søknad om	Søknadssum	Budsjett
Kirkens SOS	Driftstilskot	3,- pr. innb.	Vert behandla av adm.
Stiftelsen Amathea	Driftstilskot til veiledningskontoret i Møre og Romsdal	3,- pr. innb.	Vert behandla av admin.
Norske Kvinners Sanitetsforening	Økonomisk tilskot	1,- pr. innb.	Vert behandla av admin.
Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv	Grunnfinansiering frå verdsarvkommunane	250 000,-	Ligg inn i budsjett ansvar 1011
Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv	Medfinansiering «Lys i tunnellen» lys som verdiskapar for verdsarven	100 000,-	Ikkje innarbeida i rådmannens forslag
Stranda Industriens historie	Utsmykking	100 000,-	Ikkje innarbeida i rådmannens forslag
Festspela i Geiranger	Tilskot	100 000,-	Ikkje innarbeida i rådmannens forslag
Stranda Idottslag	Ny fleirbrukshall – 2022 og 2023	25 – 30 mill	Kjem som eiga sak
Stranda Røde Kors	Kommunal brøyting til Røde Kors Huset		Ikkje innarbeida i rådmannens forslag
Landbruk Nordvest SA	Tilskot	35 000,-	Ikkje innarbeida i rådmannens forslag
Pål-Are Vadstein, Ørsta	Bokprosjekt «Skjulte perler i Sunnmørsalpane»	30 000,-	Ikkje innarbeida i rådmannens forslag

[Vedlegg: Dokumentasjon av frie inntekter 2021 og 2022 \(Grønt hefte 2022\).](#)

Stranda	2021	2022
Innbyggertilskudd	111 525	116 556
Utgiftsutjevnende tilskudd/trekk	14 244	18 300
Korreksjonsordningen for elever i statlige/private skoler	2 324	2 486
Inntektsgarantitilskudd, netto	6 209	1 522
Tilskudd til saker med særskilt fordeling	1 031	1 366
Distrikstilskudd Sør-Norge	2 661	2 642
Distrikstilskudd Nord-Norge	0	0

Veksttilskudd	0	0
Storbytilskudd	0	0
Regionsentertilskudd	0	0
Skjønnstilskudd*	800	500
= Sum rammetilskudd (fast del) ved framleggelsen av statsbudsjett	138 795	143 371
Anslag inntektsutjevnende tilskudd/trekk fra KMD i statsbudsjettet	10 065	6 562
Skatteinntektsanslag fra KMD i statsbudsjettet	134 161	142 656
Endring rammetilskudd i salderingsproposisjonen, inkl. koronakomp. på post 60 for 1. halvår	4 952	
Endring rammetilskudd i RNB, inkl. koronakomp. for 2. halvår på post 60**	2 042	
Endring i anslag skatt/inntektsutjevning fra KMD målt mot oppr. anslag	5 071	
= Sum frie inntekter (skatt og rammetilskudd)	295 086	292 589
Oppgavekorrigering***	-4 347	
= Anslag på oppgavekorrigerte frie inntekter	290 740	292 589
Anslag prosentvis vekst relativt til fjoråret		0,6 %
Anslag på oppgavekorrigert vekst relativt til fjoråret		1 849

*) Eventuelle tildelte skjønnsmidler fra fylkesmannen gjennom året inngår ikke i denne summen.

**) Inkluderer også kommunens del av bevilgning på 500 mill. vedtatt i mars til dekning av vaksinasjonsutgifter

***): I Grønt hefte er korrekjonene på kommunenivå i hovedsak gjort etter samlet kostnadsnøkkelen, se GH 2022 tabell 3-k.

Dokumentasjon av utgiftsutjevningen 2022 og endring 2021-2022

Stranda	2022			Endring 2021-2022	
	Vekt	Utgifts-behovs-indeks	Tillegg/ trekk i utgiftsutjevn. (1000 kr)	Utgifts - behovs -indeks	Tillegg/ trekk i utgiftsutjevn. (1000 kr)
0-1 år	0,0057	0,7567	-365	-13,4 %	-213
2-5 år	0,1355	0,8955	-3 729	8,6 %	2 853
6-15 år	0,2632	0,8687	-9 106	0,4 %	-116
16-22 år	0,0236	1,0196	122	-1,8 %	-99
23-66 år	0,1051	0,9552	-1 239	0,0 %	-45
67-79 år	0,0570	1,1657	2 488	0,3 %	134
80-89 år	0,0775	1,5699	11 636	-9,5 %	-1 531
Over 90 år	0,0389	2,1115	11 391	21,2 %	2 429
Basistillegg	0,0159	3,5787	10 802	7,0 %	620
Sone	0,0100	2,5468	4 075	-0,3 %	143
Nabo	0,0100	3,6291	6 927	21,5 %	803
Landbrukskriterium	0,0021	2,7157	949	5,6 %	65
Innvandrere 6-15 år ekskl.	0,0070	1,1504	277	-10,3 %	-172
Skandinavia					
Flyktninger uten integreringstilskudd	0,0082	0,3477	-1 409	-3,5 %	-125
Dødelighet	0,0459	0,8081	-2 321	-4,7 %	-612
Barn 0-15 med enslige forsørger	0,0186	0,6112	-1 905	3,2 %	-123
Lavinntekt	0,0117	0,6879	-962	9,0 %	109
Uføre 18-49 år	0,0063	0,5886	-683	-2,0 %	-57
Opphopningsindeks	0,0093	0,3381	-1 622	8,8 %	147
Aleneboende 30 - 66 år	0,0189	0,8437	-778	-0,6 %	-59
PU over 16 år	0,0491	0,5467	-5 864	12,2 %	1 392
Ikke-gifte 67 år og over	0,0459	1,1380	1 669	-6,3 %	-698
Barn 1 år uten kontantstøtte	0,0165	0,8771	-534	-18,6 %	-799
Innbyggere med høyere utdanning	0,0181	0,6815	-1 519	1,3 %	10
Kostnadsindeks	1,0000	1,0695	18 300	1,3 %	4 056
<i>Netto virkn. statlige/private skoler</i>			2 486		162
Sum utgiftsutjevn. mm.			20 786		4 217

Dokumentasjon av utgiftsutjevningen 2022 (og endring 2021-22) fordelt på sektorområder

Stranda	2022			Endr. 2021-2022	
	Vekt	Utgifts-behovs-indeks	Tillegg/trekk i utgiftsutjevn. (1000 kr)	Utgifts-behovs-indeks	Tillegg/trekk i utgiftsutjevn. (1000 kr)
Barnehage	0,1581	0,8692	-5 448	4,9 %	1 834
Administrasjon	0,0805	1,1919	4 071	0,4 %	201
Landbruk	0,0021	2,7157	938	5,6 %	55
Grunnskole	0,2533	0,9881	-793	0,5 %	294
Pleie og omsorg	0,3495	1,2505	23 066	1,0 %	1 498
Kommunehelse	0,0553	1,2960	4 311	0,7 %	362
Barnevern	0,0452	0,7303	-3 214	3,6 %	-67
Sosialtjeneste	0,0560	0,6875	-4 611	0,5 %	-101
Kostnadsindeks	1,0000	1,0695	18 300	1,3 %	4 056

Vedlegg: Tiltaksliste

På grunn av «liggende format» for å ha god lesbarhet, kjem dette som eige vedlegg.